

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 27.05.2010 kl 12:00 – 15.35 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 033/10 - 042/10
Innkalling til møtet var sendt ut den: 20.05.2010.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Jan Otto Daae, vara	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Torfinn Aga, vara	Marianne Ulvatn, vara	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Liv Oda Dale	Wenke Fredheim Ekren	
Dina Merete K. Dyrhovden		

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Kari Skår Sørheim, varaordførar	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Morten Gullaksen, vara	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Tore Helland	

Frå administrasjonen møtte:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Alf Strand
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Tilleggskriv til sak 042/Skriv og meldingar
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Innkallinga vart godkjent.

Ordførar orienterte om at sak 39/10 Symjebasseng Matre ville bli handsama fyrst.

Sakslista vart godkjent.

Ordførar gjorde framlegg om Lars Solheim og Marianne Ulvatn til å skriva under møteprotokollen.

Dette vart samrøystes vedteke.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
033/10	10/389	Godkjenning av møteprotokoll	3
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
034/10	10/370	1.tertialrapport 2010 - rekneskapsoversyn for perioden 01.01.-30.04.2010	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
035/10	10/164	Budsjettsalderinga 2010	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
036/10	10/353	Retningslinjer for over-/underskotsfond	9
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
037/10	10/354	Finansrapportering 2009 og endringer i finansreglementet	15
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
038/10	10/308	Medlemsskap i MOT - evaluering	17
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
039/10	06/985	Symjebasseng Matre - reparasjon / avfukting / varmegjenvinning - 2010	19
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
040/10	09/706	Endring av reguleringsplan Librotet hyttefelt - eigengodkjenning	21
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
041/10	10/387	Delegerte vedtak	23
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
042/10	10/388	Skriv og meldingar	24

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	27.05.2010	033/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/389
-----------	---------------------

SAK 033/10 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 29.04.2010 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-033/10 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret 29.04.2010 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	19.05.2010	031/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	27.05.2010	034/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 10/370
--------------	---------------------

SAK 034/10 - 1.TERTIALRAPPORT 2010 - REKNESKAPSOVERSYN FOR PERIODEN 01.01.-30.04.2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
1.tertialrapport 2010 vert teken til vitring.

Finansiering

Ikkje aktuelt, viser elles til budsjettsalderinga som er oppe i same Kommunestyremøte

Heimel

m.a. Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Utskrift til:

Driftseiningane (sjølv rapporten)
Revisjonen (sak + rapport)

FS-031/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1.tertialrapport 2010 vert teken til vitring.

Finansiering

Ikkje aktuelt, viser elles til budsjettsalderinga som er oppe i same Kommunestyremøte

Heimel

m.a. Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Det skjedde i Formannskapet den 19.05.2010:

1.tertialrapport 2010 – Masfjorden kommune vart delt ut i møtet. Fungerande rådmannen Svein Helge Hofslundsengen gjekk gjennom og orienterte om innhaldet i rapporten. Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-034/10 VEDTAK:

1.tertialrapport 2010 vert teken til vitring.

Finansiering

Ikkje aktuelt, viser elles til budsjettsalderinga som er oppe i same Kommunestyremøte

Heimel

m.a. Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Fungerande rådmann orienterte om innhaldet i tertialrapporten.

Frøde Langhelle, H, spurde om me greier å gjennomføra dei investeringar me har sett oss føre.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at me ligg på etterskot når det gjeld kommunale bygg. Opprusting av dei kommunale bygga i stor grad er gjort med egne ressursar.

Det er ikkje planlagde prosjekt i 2010 som ikkje vil bli gjennomført.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSVEDLEGG:

1.tertialrapport 2010 – eige hefte

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Målet med tertialrapporten er å gje ein statusrapport for den økonomiske stoda, vesentlege utviklingstrekk og synleggjere eventuelle endra tilhøve i forholdet til budsjettet for 2010, for å kunne gjere/føreta nødvendige tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

PERIODISK RAPPORTERING

Etablert praksis over mange år i Masfjorden har vore at kommunestyret handsamar følgjande rekneskapsrapportar:

1. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.04
2. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.08
3. Årsrekneskapsrapporten skal handsamast innan 1. juli.

8.2.1 Innhaldet i rapporten til rådmannen

Tertialrapportane til rådmannen skal ha følgjande obligatoriske innhald:

1. Taldel
2. Kommenterar/vurderingar
3. Evt. tiltak for å rette opp budsjettbalansen
4. Konklusjon/årsprognose

1. Taldel

Frå driftsrekneskapsrapporten (drifts- og finansieringspostar) skal følgjande rapporterast:

Ansvarsområde	Akkumulert hittil i år			2010		
	Budsjett	Drift	Reelt avvik	Årsbudsjett	Prognose	Avvik
Sandnes barnehage 20102 Lokaler Sandnes barnehage 22102	-	-	-	-	-	-
Resultat/netto forbruk	-	-	-	-	-	-

Tabellen viser 3 avvik:

- ◆ Rapportavvik, dvs. dei avvik rekneskapsrapportane frå økonomisystemet viser
- ◆ Reelt avvik, dvs. avvik etter korrigeringar for feil periodisering og manglande posteringar
- ◆ Prognose for året, dvs. samla reelt avvik for budsjettåret

2. Kommenterar/vurderingar

Driftseiningane må kommentera/vurdera:

- ◆ Reelle avvik
- ◆ Evt. differanse mellom rapportavvik og reelle avvik
- ◆ Prognose for årsavvik

Kommentarane skal vere korte og bør seie noko om kor sikre eller usikre vurderingane er.

3. Tiltak

Dersom det reelle avviket er stort, må ein gjera greie for tiltak dei vil setje i verk på kort og lengre sikt for å få budsjettet i balanse.

4. Konklusjon/årsprognose

Det må her gjerast greie for korleis etaten reknar med at den vil kome ut i høve til gjeldande økonomiske ramme.

HØYRING/UTTALE

Den løpande rapporteringa frå driftseiningane går bra, spesielt i periodar kor rådmann skal vidarereportere (tertialrapportar), og tilnærma alle har rapportert med svært kort varsel i samband med 2.tertialrapporten for 2010. Tilbakemeldingane frå driftseiningane vert teke med i vurderingsdelen og tekstdelen til driftsrekneskapen i sjølve 2.tertialrapporten.

FAKTA

Jf. rapporten/saksvedlegg.

Hovudtrekk i rekneskapen pr. 1.tertial vart lagt fram for formannskapet i møte den 19. mai 2010.

VURDERING

Jf. rapporten/saksvedlegg.

KONKLUSJON

Ein tilrår at 1.tertialrapport vert teken til orientering – budsjettjusteringar gjort i samband med saldering av 2010 budsjettet den 27. mai 10 – ytterlegare budsjettendringsbehov er tilstade, men desse vert tekne seinare, og seinast i 2.tertialrapport 2010.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	19.05.2010	032/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	27.05.2010	035/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 10/164
--------------	---------------------

SAK 035/10 - BUDSJETTSALDERINGA 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Driftsbudsjettet for 2010 vert saldert i tråd med saksutgreiing under faktadelen, (og justert skjema 1A/1B og hovudoversikt drift vert lagt fram i juni møte når budsjettjusteringane er gjort i økonomisystemet)
- 2) Investeringsbudsjettet for 2010 vert saldert i tråd med justert budsjettskjema 2A/2B.
- 3) Korrigering av satsane vedtekne i kommunestyresak 089/09; .
Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:
Born og ungdom: kr. 250 pr. time
Vaksne: kr 350 pr. time
- 4) Masfjorden kyrkjelege fellesråd får eit ekstra løyving på 60.000,- og kommunen står for låneopptak/finansiering av investeringane innafor vedteken investeringsramme.

Finansiering

Budsjettet er i balanse

Heimel

Kommunelova og vedtak om budsjettsaldering på nyåret i samband med handsaming av årsbudsjettet i desember 2009.

Utskrift til:

Driftseiningane

Fylkesmannen i Hordaland

Revisjonen

FS-032/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1) Driftsbudsjettet for 2010 vert saldert i tråd med saksutgreiing under faktadelen, (og justert skjema 1A/1B og hovudoversikt drift vert lagt fram i juni møte når budsjettjusteringane er gjort i økonomisystemet)
- 2) Investeringsbudsjettet for 2010 vert saldert i tråd med justert budsjettskjema 2A/2B.
- 3) Korrigering av satsane vedtekne i kommunestyresak 089/09; .
Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:
Born og ungdom: kr. 250 pr. time
Vaksne: kr 350 pr. time
- 4) Masfjorden kyrkjelege fellesråd får eit ekstra løyving på 60.000,- og kommunen står for låneopptak/finansiering av investeringane innafor vedteken investeringsramme.

Finansiering

Budsjettet er i balanse

Heimel

Kommunelova og vedtak om budsjettssaldering på nyåret i samband med handsaming av årsbudsjettet i desember 2009.

Det skjedde i Formannskapet den 19.05.2010:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og saka vart drøfta.

Formannskapet bad om at det vart gjeve ein kort statusrapport for investeringspostane i budsjett i samband med handsaming av denne saka i kommunestyret.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-035/10 VEDTAK:

- 1) **Driftsbudsjettet for 2010 vert saldert i tråd med saksutgreiing under faktadelen, (og justert skjema 1A/1B og hovudoversikt drift vert lagt fram i juni møte når budsjettjusteringane er gjort i økonomisystemet)**
- 2) **Investeringsbudsjettet for 2010 vert saldert i tråd med justert budsjettskjema 2A/2B.**
- 3) **Korrigering av satsane vedtekne i kommunestyresak 089/09; .**
Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:
Born og ungdom: kr. 250 pr. time
Vaksne: kr 350 pr. time
- 4) **Masfjorden kyrkjelege fellelråd får eit ekstra løyving på 60.000,- og kommunen står for låneopptak/finansiering av investeringane innafor vedteken investeringsramme.**

Finansiering

Budsjettet er i balanse

Heimel

Kommunelova og vedtak om budsjettssaldering på nyåret i samband med handsaming av årsbudsjettet i desember 2009.

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Saka vart grundig drøfta.

Willy Borge, Frp, sa at det er gjort mykje dei siste åra med vedlikehald av vegar, men det er viktig at dette arbeidet no vert fylgd opp.

Borge sa at ein må kunna ta 10 % av overskot i 2009 til vedlikehald og asfaltering i 2010, eller 1 mill frå investeringsfondet og 1 mill frå driftsbudsjettet.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at årsoverskotet er fordelt og disponert.

Ordførar Håkon Matre la til at kommunen må ha store nok fond til å tåla nokre økonomiske vanskelege år.

Frode Langhelle, H, sa at det må fattast vedtak om ny bru i Indre Haugsdal etter at ny anbudsprosess er gjennomført. Han synte til at det i si tid var utarbeida ei prioriteringsliste over kommunale vegar.

Langhelle ba om å få sak om vegvedlikehald tilbake til kommunestyret i budsjettrevisjonen med ei oppdatert oversiktsliste på status over vegvedlikehaldet i kommunen.

Ordfører Håkon Matre svara at det vil vera naturleg å ta sak om vegvedlikehald i budsjettrevisjonen.

Laila S. Reknes, Ap, sa det er viktig at prosjekt som det er bevilga pengar til kjem i gong. Mykje av prosjekta som det er løyvd pengar til vert i dag gjort av kommunen sine egne folk. Dette går på bekostning av det daglege vedlikehaldet ute i avdelingane.

Ap etterlyser no at det vert leigd inn eksterne folk til garderobeanlegget på Nordbygda skule. Det er og viktig å få i gang arbeidet med Haugsdal bru.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at Haugsdal bru ligg ikkje inne med løyving.

Garderobeanlegget på skulen må takast som eiga sak i junimøtet i kommunestyret.

Vigdis Søvik, Sp, etterlyste status i sak om kommunale vegar/tilbakeføring til private. Saka var ute på høyring og det har kome inn mange reaksjonar og innspel frå innbyggjarane.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at saka ikkje er fullført og viste til den oppnemnde politiske arbeidsgruppa og om dei kunne gjera greie for status i saka.

Willy Borge, Frp, sa at han var leiar i veggruppa. Dei andre som var med i gruppa var Terje Sætre og Karstein Totland. Gruppa hadde og sekretær. Borge orienterte frå arbeidet og sa at det skulle gjevast tilbakemelding til administrasjonen på arbeidet som var gjort.

Frode Langhelle, H, sa at gruppa må melda tilbake frå sitt arbeid til administrasjonen og at han no forventar at leiar i arbeidsgruppa Willy Borge tek saka vidare slik at den kjem til kommunestyret i juni.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
5	I	22.02.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Merknader til budsjett 2010 og økonomiplan for 2010 - 2012
6	I	29.03.2010	Masfjorden kyrkjelege fellesråd v/Svein Kvamsdal	Søknad om tilleggsloyving til brannsikring i kyrkjene
7	I	06.04.2010	Fellesrådet v/kyrkjeverje Svein Kvamsdal	Søknad om tilleggsloyving for utlegg til straum
2	I	04.05.2010	Frank Kvinge	Innspel til budsjettsaldering 2010
3	I	04.05.2010	Rådgjevar Alf Strand	Innspel til budsjettsalderinga - auka ressurs for rektorstillinga i kulturskulen

4 I 04.05.2010 Nordbygda skule v/Berit Lygre Innspel saldering av budsjettet

+ Rekneskapen 2009 og rekneskapen pr. 1.kvartal 2010

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret ber om salderingssak etter budsjettprosessen som fører fram til endeleg budsjettvedtak (des.09 for årsbudsjettet 2010), for å fange opp endringar som har skjedd etter at formannskapet la ut budsjett til offentleg ettersyn. Dette er som regel tekstpunkt i sjølv budsjettvedtaket, vedtak i andre saker, endringar i folketalet pr. 1.1.2010 som medfører endring i sum frie inntekter, Fylkesmannen sin uttale om budsjett og økonomiplan som evt. fører til budsjettendringsbehov, forhold knytt til siste års rekneskap (2009 rekneskapen, vedteken april 2010), og innspel elles frå driftseiningane.

KS-102/09 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre har handsama prosjektet Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden for perioden 2010-2012. Kommunestyret ynskjer å prioritera dette arbeidet vidare og legg fylgjande føresetnader til grunn for satsinga:

4. Budsjett for 2010 vert godkjent slik det ligg føre med desse endringane:
 - *Til forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland vert det avsett kr. 300 000, som vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for kommunale bygg i samband med salderinga.*

Protokolltilførsel frå formannskapet (budsjett 2010 saka) til kommunestyret:

Formannskapet er uroa for kostnadsveksten i driftsbudsjettet sett i lys av strammare økonomiske rammevilkår i åra som kjem

Formannskapet ber rådmannen vurdere tiltak som kan føre til kostnadsreduksjon fram mot budsjettrevisjon.

HØYRING

UTTALE

FYLKESMANN I HORDALAND

MASFJORDEN KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2010 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 08.12. 2009. *Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.* Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal

årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret. Etter kommunelova § 45, 3. punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret. Det kommunale skattøynet for personlege skattyttarar blir i 2010 det same som i 2009, det vil sei 12,80 %.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr. 43,6 mill. i skatt på eige og inntekt for 2010. I 2009 var det ein samla skattevekst for kommunane i landet på 5,9 %. Det er no rekna med ein samla skattevekst på 6,4 % frå 2009 til 2010. Auken i det kommunale skatteøynet i 2009 (som følgje av bortfall selskapskatt) vil også gi vekst i 2010 som følgje av heilårsverknaden. Det låge rentenivået vil dessutan bidra til skattevekst, bl.a. knytt til skatteavrekninga for 2009 i 2010. Kommunen sitt skattenivå i 2009 var 119,2 % av landsgjennomsnittet. I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2010 tilsvarande 59 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet. Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2010 tilsvarande 59 % av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 % av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 % av differansen mellom 90 % av landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, fråtrekt inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 83,2 mill. Noverande inntektsprognose for 2010 er kr. 82,9 mill. Denne byggjer på innkomen skatt i 2009 og førebelse innbyggjartal pr. 01.01.2010. Dei budsjetterte inntektene kan på denne bakgrunn vere noko for høge.

EIGEDOMSSKATT

Det er budsjettert med om lag kr. 19,7 mill. i eigedomsskatt for 2010. Eigedomsskatten utgjer 7 promille av takstgrunnlaget for verk og bruk. Eigedomsskatten i kommunen er knytt til kraftproduksjonsanlegg. Det er ikkje lagt opp til å utvida grunnlaget for eigedomsskatt utover verk og bruk. Budsjettert eigedomsskatt ligg noko høgare enn inntektsnivået i 2009 og 2008. Auken er knytt til auka kraftprisar.

Løns- og prisauke

Prisindikatoren for kommunesektoren for 2010 er i statsbudsjettet 3,1 %. Denne består av pårekna lønsvekst med 3,5 % (vekt 0,635) og varekjøp med 2,4 % (vekt 0,365).

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50,7.ledd kan gjenståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 % av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Det er budsjettert med kr. 3,9 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette oppfyller minimumskravet.

Driftsresultat

Kommunelova § 46, pkt. 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot). Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det

driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen. Det er budsjettet med eit netto driftsoverskot på om lag kr. 1,9 mill. Netto driftsoverskot er planlagt nytta til investeringar (kr. 1,3 mill.) og netto ubundne avsetjingar (kr. 0,6 mill.). Det er tilrådd generelt at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setje av midlar til å møta ei mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Kommunen hadde eit akkumulert mindreforbruk i rekneskapen pr. 31.12.2008 med om lag kr. 2,6 mill. Det er for 2009 rekna med eit netto driftsoverskot med om lag kr. 14,9 mill. Førebels rekneskapsoverskot (mindreforbruk) etter avsetjing og overføring til investeringar er kr. 3,9 mill. Ein stor del av dei opphavleg planlagde låneopptak i 2009 til investeringar er med dette redusert og erstatta med driftsfinansiering. Det høge netto driftsoverskotet i 2009 kjem av finansavkastning, lågare renteutgifter enn budsjettet og meirskatt m.m. Den ordinære drifta har vore i samsvar med budsjettet i 2009. Frå 2010 er det endring i korleis kommunane kan disponera momsrefusjon frå investeringar. Det vil vere ein overgangsperiode frå 2010 og fram til 2014. For budsjettåret 2010 skal minimum 20 % av meirverdiavgiftskompensasjonen frå investeringar bli overført til investeringsrekneskapen. Budsjettforskriften § 5 og rekneskapsforskriften § 3 er endra i samsvar med dette. Kommunen er medeigar i BKK A/S. Kommunen får difor utbetalt ekstraordinært utbytte både i 2009, 2010 og 2011. Dette kjem i tillegg til det ordinære utbyttet frå selskapet. Årleg ekstraordinært utbytte frå selskapet i perioden 2009 - 2011 vil vere kr. 0,5 mill. (0,10 % av kr. 500 mill.). Det ekstraordinære utbyttet er berre mellombels og bør ikkje bli nytta til driftsføremål. Kommunen bør difor innarbeide dette i investeringsbudsjettet.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2010 er det planlagt brutto investeringar for tilsaman kr. 12,7 mill. Investeringane er planlagt finansierte med lån (kr. 4,2 mill.), investeringstilskot (kr. 1,5 mill.), driftsfinansiering (kr. 1,3 mill.) og bruk av disposisjonsfond (kr. 5,7 mill.). Det er innarbeidd lån til vidare utlån med kr. 0,5 mill. Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2008 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til om lag kr. 44.470,-. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 38.700,-. Gjeldsnivået pr. innbyggjar for kommunane samla i fylket utanom Bergen ligg no høgare enn for landsgjennomsnittet. Sum lånegjeld (utanom pensjon) er rekna til om lag kr. 67,3 mill. ved utgangen av 2009. Kommunen har lagt opp til for kvart år å ikkje ta opp større lån enn det kommunen betaler i årlege avdrag (driftsbudsjettet). Investeringane blir utover denne låneramma finansierte med driftsmidlar, bruk av fond og statleg tilskot. Det er i 2010 planlagt å ta opp lån kr. 4,2 mill. til investeringar. Dette er kr. 0,3 mill. for høgt i høve til låneramma på kr. 3,9 mill. (= ordinære avdrag i driftsbudsjettet). Kommunen legg opp til å justera for dette i budsjettrevisjon i april slik at låneopptaka i år blir redusert til kr. 3,9 mill. Det er viktig at kommunen dei neste åra held fast med ei låneramme for investeringar som ikkje er større enn det kommunen betaler i ordinære avdrag. Kommunen vil med dette unngå ein auke i gjeldsbelastninga over tid.

OPPSUMMERING

Økonomistyringa i kommunen må bli vurdert som god. Det er viktig at dette blir vidareført, og at kommunen unngår ei auke i lånegjelda dei neste åra.

FAKTA & VURDERING

Frie inntekter


Budsjettframlegget bygger på statsbudsjettet for 2010 – oppdatert prognose frie inntekter etter folketal 1.1.2010 viser ein nedgang på 200.000 i høve vedteke budsjett. Ser ikkje grunnlag for å gjere budsjettendringar i samla sum frie inntekter, men intern fordeling.

MASFJORDEN	InngangIA1	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
MASFJORDEN										
<i>(år 2010-prisnivå i perioden 2010-20113)</i>										
1000 kr		2005	2006	2007	2008	2009	2010	PROGNOSE		
								2011	2012	2013
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)		10 130	11 188	11 588	12 424	15 672	16 730	16 842	16 842	16 842
Utgiftsutjevning		14 362	19 533	14 682	14 524	16 991	19 400	19 440	19 440	19 440
Overgangsordninger/INGAR (fra 2009)		-35	-129	-62	-4	-100	-41			
Utenfor overgangsord (inkl oppgavediff)		-86	-	71	281	178	227	227	227	227
Nord-Norge-tilskudd/Namdalsstilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd Oslo		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd		-	-	5 083	5 296	5 535	5 707	5 707	5 707	5 707
Distriktstilskudd Sør-Norge		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd (før 2004 også storby)		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn2005		1 415	-	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.		4 900	4 700	1 209	1 209	1 004	500	-	-	-
herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift		2 380	2 380	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn til skattesvakekommuner i Sør-Norge (lagt mot hovedskjønn i 2010)		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Just overgangsord med mer momskomp 05/skjønn momsk		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Engangskompensasjon - etteroppgjør for 2004 momskomp		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Kompensasjon manglende bagatellmessig støtte		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KRD		-	-	914	-	-	-	-	-	-
Feil inntektsutj 07/Komp Fysioterapeutmidler 09		-	-	-	-3	-	-	-	-	-
Komp lønn 2006/fysioterapimidler 2009		-	44	-	-	21	-	-	-	-
Tiltakspakken - økte frie inntekter / komp skattetap		-	-	-	-	903	-	-	-	-
RNB2009 - økt innbyggertilskudd/trekk storbymidler til psykisk helse		-	-	-	-	414	-	-	-	-
Sum rammetilsk uten selskapsskatt		30 351	35 336	33 485	33 727	40 618	42 523	42 216	42 216	42 216
Selskapsskatt		252	203	946	6 714	-	-	-	-	-
Sum rammetilsk. ekskl inntektsutj.		30 603	35 539	34 431	40 441	40 618	42 523	42 216	42 216	42 216
"Bykjetrekket" (anslag)		-3	-6	-6	-5	-2	-1	-1	-1	-1
Netto inntektsutjevning		-2 238	-1 779	-3 152	-5 853	-4 532	-3 621	-3 673	-3 673	-3 673
Sum rammetilskudd		28 362	33 753	31 273	34 583	36 084	38 902	38 541	38 541	38 541
Rammetilskudd - endring i %			19,0	-7,3	10,6	4,3	7,8	-0,9	-	-
Skatt på formue og inntekt		36 346	38 662	39 326	40 202	44 508	44 115	44 115	44 115	44 115
Skatteinntekter - endring i %			6,4	1,7	2,2	10,7	-0,88	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)		64 708	72 415	70 599	74 785	80 592	83 000	82 700	82 700	82 700
(Forslag i statsbudsjettet for 2010)							<i>(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)</i>			
Sum - endring i %			11,9	-2,5	5,9	7,8	3,0	-0,4	-	-

	2009	2010	2010
MASFJORDEN			
	Rekneskap	Prognose	Budsjett
1000 kr	2009	2010	2010
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	15 672	16 730	
Utgiftsutjevning	16 991	19 400	
Overgangsordninger/INGAR (fra 2009)	-100	-41	
Utenfor overgangsord (inkl oppgavediff)	178	227	
Småkommunetilskudd	5 535	5 707	
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	1 004	500	
Komp lønn 2006/fysioterapimidler 2009	21		
Tiltakspakken - økte frie inntekter / komp skattetap	903		
RNB2009 - økt innbyggertilskudd/trekk storbymidler til psykisk helse	414		
Sum rammetilsk uten selskapsskatt	40 618	42 523	
Selskapsskatt			
Sum rammetilsk. ekskl inntektsutj.	40 618	42 523	
"Bykjetrekket" (anslag)	-2	-1	
Netto inntektsutjevning	-4 532	-3 621	
Sum rammetilskudd	36 084	38 902	39 600
Rammetilskudd - endring i %	4,3	7,8	
Skatt på formue og inntekt	44 508	44 115	43 600
Skatteinntekter - endring i %	10,7	-0,88	
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	80 592	83 000	83 200
Sum - endring i %	7,8	3,0	

Budsjettendring frie inntekter;

	justert	endring:
Sum rammetilskudd	36 084	38 900
Skatt på formue og inntekt	44 508	44 115
		700



Eigedomsskatt


Utskriven eigedomsskatt for 2010 utgjør 19,7 mill.kr., og er i samsvar med det som er innlagt i opphavleg 2010 budsjett.

Eigedomsskatten for 2010 vart lagt ut til offentlig ettersyn i tre veker frå 07.01.2010.

Klagefrist er: 28. januar 2010.

Føretak	Skattegrunnlag	Skattesats	Sum	Eigedomsskatt	Terminsummar
Auto Mek AS	1 682 000	0,7 %	11 774,00	11 774	2 944
Br.Lathi Trevarebedrift ANS	863 995	0,7 %	6 047,97	6 048	1 512
Marine Harvest Norway AS	360 646	0,7 %	2 524,52	2 525	631
Entr.Anskar Birkeland AS	465 520	0,7 %	3 258,64	3 259	815
Haugsdal Maskin AS	695 750	0,7 %	4 870,25	4 870	1 218
Maran Utvikling AS	1 062 600	0,7 %	7 438,20	7 438	1 860
Haugsvær Auto AS	964 000	0,7 %	6 748,00	6 748	1 687
Reknes Byggjevarer	404 800	0,7 %	2 833,60	2 834	708
Telenor Telecom Solution AS	5 833 185	0,7 %	40 832,30	40 832	10 208
BKK Nett AS	21 365 387	0,7 %	149 557,71	149 558	37 389
BKK Produksjon AS	2 712 199 300	0,7 %	18 985 395,10	18 985 395	4 746 349
Kjetland Kraft AS	7 803 000	0,7 %	54 621,00	54 621	13 655
Svartdalen Kraft AS	59 766 000	0,7 %	418 362,00	418 362	104 590
Småkraft AS	839 000	0,7 %	5 873,00	5 873,00	1 468
Sum eigedomsskatt 2010				19 700 137	4 925 034

Eigedomsskatten fell til betaling 1. februar, 1. mai, 1. august og 1. november. Jf. vedtak i kommunestyret 11.12.2008, sak 100/08 punkt 5a, er skattesatsen kr 7,- for kvart 1000,- av takstverde.



Gjennomgang av eigedomsskattegrunnlaget for vasskraftverk i kommunen (dokumentasjon frå sentralskattekontoret), viser at samtlige kraftverk som ikkje vert definert som småkraftverk, har nådd maksimumsnivå i § 8 fjerde ledd i eigedomsskattelova og at Masfjorden kommune i 2010 taper om lag 6 mill.kr. på at det er sett eit minimum og maksimumstak for skattegrunnlaget. Det er difor viktig at kommunen støtter aktivt opp om LVK sitt arbeid med å få oppheva maksimumstaket. Eigedomsskatten vil kunne bli stabil kommande år.

Pensjon

Prognose KLP og SPK vert lagt til grunn. Det er budsjettert med brutto pensjonskostnad og lagt inn forventa premieavvik 2010 i tråd med budsjett frå hhv. KLP og statens pensjonskasse.

Lærlingar

Det er no 5 lærlingar i kommunen, som kanskje vert auka til 6 til hausten. Desse vert bokført på konto 10503, men kjem i liten grad fram i 2010 budsjettet – då dei er budsjettert som fastløn, justere 2010 budsjettet i forhold til konto 10503.

Vi har no læring ved;

- 1) Masfjorden sjukeheim, KVR
- 2) Nordbygda barnehage
- 3) Nordbygda skule
- 4) 2 (3 frå hausten av) ved pleie- og omsorg

Lønnskostander med lærling over 2 år (i tillegg kjem sosiale kostnader (pensjon, arb.gj.avg., forsikring etc));

1.halvår 30%	40 815	1.år	
2.halvår 40%	54 420		95 235
3.halvår 50%	68 025	2.år	
4.halvår 80%	108 840		176 865
	<u>272 100</u>		

Lærlingane vert no ført på den einskilde teneste som den ligg under/arbeidar. Det er frå einskilde hald ønskje om å samle desse, til ei fellesteneste (f.eks 1800x, og at lærlingane vert ført under rammeområde andre tenesteområder/felles, og andre at dei vert ført under felles skule, barnehage, PLO etc. Ein tilrår at det i størst muleg grad vert ført på den tenesta som har lærling, alternativt under felles PLO, skule etc. dette m.a. KOSTRA.

Folkevalde organ

- Korrigere for periode med "2 ordførar", auka opp utgifter/godtgjersle, kor store deler vert dekkja ved auka inntekter/ref.sjukepengar.

Administrasjon

Auka opp løn i tråd med lønsoppgjeret 2009 inkl. pensjon og arbeidsgjevaravgift, for dei som fekk lønsauke seint på året, slik at korrigert løn ikkje er innarbeidd i budsjettet. Ingen endringsframlegg utover dette i denne omgang

Barnehage

KS sak 98/09 – årsbudsjettet 2010

- Kommunestyret ber om at ordførar og rådmann i samarbeid med barnehagen/foreldre i Nordbygda barnehage, prøver å finne ei løysing slik at ein får vekk ventelistene.**

Det er ikkje ventelister i Nordbygda barnehage frå 15. august 2010. Barnehagen har då 2 ledige plassar. Det er to born på venteliste i Nordbygda barnehage pr. 1. mai. Dette er born som har søkt plass utanom hovudopptaket 2009.

Ingen endringsframlegg i denne omgang

Statstilskot til drift av barnehagar i 2010

For driftsåret blir det i alt gjeve slike statstilskot:

Samla ordinært driftstilskot:

kr. 4 862 695

Det vert og teke atterhald om at fylkesmannen og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadane, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12.

Fylkesmannen viser til søknaden Dykkar om statstilskot til drift av barnehage i 2010. reglane om tilskot til drift av barnehagar går fram av departementet sitt rundskriv F-02/2010. Fylkesmannen har gjort følgjande vedtak:

Barnehage:	Ordinært driftstilskot:
Nordbygda	2 691 505
Indre Masfjorden	1 735 225
Sandnes	435 965

Sum totalt: 4 862 695

Formålet med det ordinære driftstilskotet til barnehagar er å støtte drifta av barnehagar, skape grunnlag for nyetablering av barnehageplassar og leggje til rette for lågare foreldrebetaling. Alle som driv barnehagar godkjende etter barnehagelova har rett til statleg driftstilskot. Driftstilskotet blir rekna ut på grunnlag av kor mange barn det faktisk er i barnehagen, alderen på barna og den tildelte opphaldstida.

Ein gjer merksam på at barnehageeigarar som gjennom året tek i mot høgre tilskot enn tilskotsgrunnlaget for barnehagen tilseier, må betale tilbake eit tilsvarende beløp. Dersom kommunen har utbetalt forskot i perioden januar – mars, vil dette bli avrekna mot den samla utbetalinga i april.

Det vert teke atterhald om at fylkesmannen eller departementet kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. Forvaltningslova § 35, femte ledd.

I tillegg til ordinært driftstilskot får kommunen eit tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage. Dette tilskotet vert disponert av kommunen, med den føresetnaden at midlane vert gjevne til dei barnehagane i kommunen som har størst behov for midlar til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Det er kommunen som på bakgrunn av søknaden frå den einskilde barnehageeigar fordeler tilskotet. Kommunen kan og ha motteke tilskot for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder. Skjønnsmidlar kjem i tillegg. 1. tildeling av skjønsmidlar i 2010 gav kr. 1.663.828 til Masfjorden.

Det er budsjettert med nær 5,7 mill.kr. i tilskot barnehage i opphavleg 2010 budsjett. Tilsegn hittil i år med 6,5 mill.kr., slik at meirinntekt på 800.000 vert innarbeidd i budsjettet.

Fordeling og budsjettjusteringar mellom barnehagane må til + korrigerer mellom 1A/1B (jf. m.a. 2009 rekneskapen).

Eiga sak om barnehageprosjektet i juni 2010.

Frå 2011 skal barnehagetilskot inn i dei generelle rammeoverføringane. For 2010 får vi 6,5 mill.kr. øyremerket til barnehagedrifta. 1B barnehage vil dermed få ein vekst frå dagens nivå opp mot nærare 10 mill.kr., og då må rammetilskotet opp frå dagens nivå til 45-46 mill.kr.

Skule

Nordbygda skule, Berit Lygre, rektor - Innspel til saldering av budsjettet for 2010

Etter at eg som rektor hausten 2009 sette opp budsjettframlegg for Nordbygda skule for budsjettåret 2010, har det skjedd ein del endringar i drifta som medfører ein auke på ulike lønspostar. (Punkt 2 og 3 vil vere gjeldande frå august og ut året.)

1. Lærling.

Anita Larsen har vore lærling på Nordbygda skule sidan august 2009. Det var ei tid planar om at ho tidleg i 2010 skulle skifte arbeidsstad for å få praksis med eldre barn/ungdom. Dette har no vist seg ikkje å vere naudsynt, og ho vil no halde fram med å ha Nordbygda skule som praksisstad fram til ho skal ta fagprøve i september. Dette vil medføre ein lønskostnad på kr. **140.000,-** Masfjorden kommune oppmodar arbeidsplassane til å ta inn lærlingar, og det er utan tvil viktig for rekruttering til arbeidsmarknaden i kommunen. Men det er også viktig at ordninga vert finansiert fullt ut, slik at det ikkje medfører underskot på budsjettet for dei avdelingane som tar imot og gir opplæring til lærlingane.

2. Auke i SFO – søknader.

Det viser seg at det er stor auke i talet på SFO-søknader til hausten, også av dei som treng SFO-plass om morgonen. Det vil kvar dag vere 14-17 barn på SFO, av desse to med spesielle behov som har behov for eigen assistent. I tillegg er der pr. i dag 5 barn som ikkje går på SFO som har meldt seg på leksehjelp. (Dette talet vil truleg auke.)

Ut frå bemanningsnorma på 12 barn pr. vaksen, vil det her vere naudsynt med ein auke i bemanninga tilsvarende minimum 40 % stilling. Dette vil utgjere ein lønskostnad på rundt kr. 65.000,- for hausten 2010. Auken i foreldrebetaling vil bli på rundt kr. 20.000,- for desse månadane. (Leksehjelpe skal vere gratis, så foreldrebetalinga aukar ikkje p.g.a. dette tilbudet.) Her må difor SFO – budsjettet aukast med **kr. 45.000,-** for å kunne gå i balanse.

3. Lønsbudsjettet for lærarar.

På lønsbudsjettet for lærarar er lønskostnadane hausten 2010 framskrivne i høve til lønskostnader for dei lærarane som er tilsette dette skuleåret. Det viser seg då at lønskostnadane for ei 50 % stilling er falt ut i reknearket som summerer lønsutgiftene. I tillegg er ein av dei som i år er ufaglært erstatta med ein faglært i full stilling. Til saman utgjer dette ein skilnad i lønskostnader på **kr. 185.000,-** frå august t.o.m. des. 2010.

Kostnadane under punkt 2 og 3 er knytte til storleikar ein ikkje kan endre utan å gjere endringar i det tilbudet til brukarane som allereie er vedtatt (bemanningsnorm SFO, leksehjelp og rammetimetale). Satsinga på lærlingplassar er også heimla i politisk vedtak. For ikkje å redusere kvaliteten på tilbudet til elevane ved Nordbygda skule, ber eg difor om at budsjettet for inneverande år vert justert med til saman **kr. 370.000,-**

Matre skule, ekstra tiltak og bruk av fond

KOSTNADER TIL NORSKOPPLÆRING FOR 1 BARN FRÅ SPRÅKLEGE MINORITETAR							
Lærartimar	Prosent	Årsløn	Løn	Pensjon	Arbeidsgjevar	Totalt	
	6	23,1	414700	96000	12000	11500	119 500,00
Assistent	4	10,68	272000	29000	3800	3500	36 300,00
Samla kostnad							155 800,00
Lønsbudsjettet til Matre skule for 2010 må styrkast med kr. 156000							

I tråd med delegert vedtak, framlagt Kommunestyret vert tiltaket finansiert med bruk av disp.fond drift.

Sandnes skule, får sannsynlegvis eit ekstra tiltak frå hausten 2010, som vert iverksett og finansiert med bruk av fond

Nordbygda skule, garderobeanlegg utbetringar – investering → eiga sak, er allereie inne i 2010 budsjettet jf. opphavleg budsjettvedtak.

Helse

Ingen endringsframlegg i denne omgang.

Sosial- og barnevern

Ingen endringsframlegg i denne omgang.

Overførte midlar barnevern 2009 kan og nyttast til erstatningssak

Pleie- og omsorg

Oppretta teneste 25307 jf. K-styresak x/2010

Garasje heimetenester indrefjorden inn på investeringsbudsjettet

Kultur

Kulturskulen.

- 1) stillingsstorleik på kulturskulerektorstillinga, tilrår at adm.ressursen må aukast. I dag er han 41,67 %. Den skal aukast til 60% frå 1. august 2010. Frå same tidspunkt vert Frank friteken for undervisning ved Sandnes skule. På kulturskulebudsjettet frå 1.aug. og ut året vil dette auka lønsutgiftene med kr 55000 + sosiale utgifter.
- 2) Elevopptaket til kulturskulen for neste skuleår er no avslutta, og nok ein gong er det rekordpåmelding. Til saman er det søkt om 186 elevplassar. Dette er ein tilvekst på 16 i høve til i år. Målet er å gje plass til alle søkjarar. For å få dette til vil det krevja ein auke i stillingsressurs på om lag 20% frå 010810. Alternativet er ventelister, med dei utfordringar det vil medføra.

Årsløn kr. 370000 x 0,2 stilling = kr. 74.000,-
Frå 010810: kr. 74000 x 5/12 = kr. 30.833,-

- 3) I kommunestyresak 089/09 viser det seg å vera ein skrivefeil.

Det står:

Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:

Born og ungdom: kr 250 pr. time

Vaksne: kr. 300 pr. time

Satsane pr. i dag er kr. 200/ 300 pr. time. Innstillinga frå kulturskulen innebar auke til 250/ 350 frå 01.08.10.

Ståande vedtak inneber med andre ord inga endring for vaksne lag, og det blir feil.

Rett vedtak skal vera:

Satsane for sal av timar til lag vert endra slik frå 1. august 2010:

Born og ungdom: kr. 250 pr. time

Vaksne: kr 350 pr. time

Ber om at kommunestyret vert gjort merksam på denne feilen (skriv – og melding i april, vedtak i mai 2010).

Matre symjebasseng – utbetringar – investering → eiga sak

Kyrkja

Innspel

- 1) låneopptak – finansieringsramme
- 2) rekneskapen 2009, ekstra løyving



DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden kyrkjelege fellesråd
5981 Masfjordnes

MASFJORDEN KOMMUNE	
Sak.nr. 10/224	Jpost
Dok.nr. 2	- 6 APR 2010
Saksh: SHH	Kopi:
Arkiv: 200	Arkiv:
Kassasjonsår	Gradering

MASFJORDEN KOMMUNE
5981 MASFJORDNES

SØKNAD OM TILLEGGSLØYVING FOR UTLEGG TIL STRAUM.

I eit møte mellom leiaren i Masfjorden Kyrkjelege Fellesråd, Kjell Løvik, assisterande rådmann, Svein Helge Hofslundsengen og fungerande kyrkjeverge, vart spørsmålet om auka løyving til straum teke opp.

Bakgrunnen er at Masfjorden Kommune eig eit flygel som er stasjonert i Sandnes Kyrkje. Dette flygelet krev ein jamn temperatur på minst 17 grader for ikkje å bli øydelagt.

Assisterande rådmann bekrefta at kommunen har sagt seg viljug til å dekkja ekstra straumkostnadar, men dette har det aldri vore sendt rekning for, heller ikkje har det vore innkalkulert i noko års budsjett, noko som har medverka til underskot på straumrekneskapen dei siste åra.

Masfjorden Kyrkjelege Fellesråd vil difor be om ei tilleggsloyving på kr 60,000.00 fordelt på følgjande måte:

1. Kr 33,000.00 for ekstra straumforbruk i åra 2007 til 2009.
2. Kr 27,000.00 til påplussing av kto 11801, straum, for 2010 budsjettet.

Påplussinga vi ber om for 2010 budsjettet, må og sjåast i samanheng med sterk kulde dei første 3 månadane av 2010, samt stor auke i straumprisane. Samla sett har MKF hatt langt større utgifter til straum enn det som det har vore budsjettet med for dei tre siste åra: Budsjettet, kr. 236,000.00, betalt for straum, kr 332,764.00. Dette gjev eit underskot for desse åra på kr. 96,764.00.

Vi vonar difor at kommunen vil sjå med velvilje på denne søknaden.

Sandnes, 6. april 2010

Svein Kvamsdal
Kyrkjeverge

Tilrår at Kyrkja får innvilga søknad om ekstra løyving med 60.000,-.
Kommunen står for låneopptak til investeringar innan kyrkja innaford vedteken investeringsramma.

Teknisk

Ingen endringsframlegg i denne omgang.

Ventar på plan for tiltak, spesielt investeringsdelen Kommunale vegar og prosess
Haugsdal bru

Felles

Konsesjonskraft

Ligg inne med gevinst på 8 mill.kr.,

sal 2010 tilseier 5 mill.kr. + avsett i 2009 rekneskapen 3 mill.kr. avsett til disp.fond
drift – slik at ein har dekning for 8 mill.kr. i 2010 budsjettet.

Prognose pr. 1.kvarttal – tilseier ein gevinst på litt over 7 mill.kr. (pga. høge
straumprisar i vinter, auka inntekt utover garantipris ved salstidspunktet). Slik at det
pr. mai ser ut som at ein ikkje treng så mykje i bufferkapital, og kan frigjere midlar til
eigenkapital investeringar.

Avskrivningar – budsjettjusteringar;

- 1. Avskrivningane i 2010 budsjettet vert justert i tråd med aktiverte investeringar i 2009 rekneskapen jf. KS vedtak sak 98/09.**

Budsjettkorrigeringer - avskrivningar 2010


Tekst	Konto, Ansvar Teneste	Opphavelig 09 budsjett	Korrigert budsjett 10	Avvik
E.D.B. utstyr - komm.adm.	15900 1200 13000	1 561 000	1 633 000	72 000
Læremiddel	15900 2120 20201	21 000	20 000	-1 000
Sandnes skule	15901 2130 20202	20 000	19 000	-1 000
Matre skule	15902 2110 20203	11 600	12 600	1 000
EDB-utstyr skulane	15900 2100 20204	93 000	92 000	-1 000
Hosteland barneh.	15900 2150 22101	75 000	77 000	2 000
Sandnes barnehage	15900 2170 22102	87 000	88 000	1 000
Indre Masfjorden barnehage	15900 2160 22103	50 000	49 000	-1 000
Nordb.sk.-tilbygg	15900 2120 22201	366 000	375 000	9 000
Sandnes skule	15900 2130 22202	415 000	431 000	16 000
Matre skule	15900 2110 22203	51 000	91 000	40 000
Einekavane	15900 1200 23308	40 000	39 000	-1 000
Legekontor	15900 2400 24101	12 000	11 000	-1 000
NAV bygg	15900 3000 24206	139 000	138 000	-1 000
Masfjorden sjukeheim - pleie	15900 2250 25300	75 000	74 000	-1 000
Masfjorden sjukeheim	15900 2210 26100	1 163 000	1 173 000	10 000
Gjennomgangsbustadar	15900 3000 26505	743 400	754 400	11 000
Omsorgsbustadar TTF	15900 2240 26504	35 000	48 000	13 000
Omsorgsbustadar indre	15900 2240 26503	112 000	113 000	1 000
Omsorgsbustadar sør	15900 2220 26502	139 400	140 400	1 000
Omsorgsbustadar nord	15900 2210 26501	102 200	376 200	274 000
GPS utstyr og kartverk	15900 3000 30300	47 000	46 000	-1 000
Næringsutvikling	15900 1200 32501	14 000	56 000	42 000
Kommunale vegar og bil	15900 3000 33301	126 000	206 000	80 000
Brannutstyr og bilar	15900 3000 33901	88 000	87 000	-1 000
Veglys	15900 3000 33305	0	5 000	5 000
Vassverk og bil	15900 3000 34500	1 071 000	1 084 000	13 000
Avlaup	15900 3000 35301	89 500	95 500	6 000
Matre symjebasseng	15900 2100 38101	147 000	148 000	1 000
Idrettsanl. Nordbygda	15900 2100 38102	100 000	144 000	44 000
Kyrkjjer	15900 1200 39300	7 000	6 000	-1 000
Kyrkjjer og MKF	15900 1200 39000	50 000	0	-50 000
Totalt		7 051 100	7 632 100	581 000
Motpost avskrivning	19900 1200 86001		-7 632 100	581 000

Vurdering driftsbudsjettet**Protokolltilførsel frå formannskapet (budsjett 2010 saka) til kommunestyret:**

Formannskapet er uroa for kostnadsveksten i driftsbudsjettet sett i lys av strammare økonomiske rammevilkår i åra som kjem

Formannskapet ber rådmannen vurdere tiltak som kan føre til kostnadsreduksjon fram mot budsjettrevisjon.

Denne protokolltilførsla bygde på budsjettframlegget 2010, men liten inntektsvekst og til dels stor utgiftsvekst. Diagrammet under viser at Masfjorden har ei grei utvikling av driftsutgiftene samanlikna med KOSTRA tal 2009 og samanlikning med kommunane i regionen elles.



Rådmannen har sterk fokus på budsjettbalansen, for å sikre ei drift som går i balanse/pluss – og meiner at 2010 har ein god balanse mellom driftsinntekter og utgifter, og ser ikkje behov for noko ekstra tiltak for å redusere driftsutgiftene i 2010.

Budsjettendringar, tilrår at endringar som medfører endring i samansetjinga av 1A/1B må godkjennast av Kommunestyret, medan endringar innan 1A/1B vert lagt til rådmannen. Dvs. at tiltak som har finansiering, og ikkje påverkar netto 1A/1B treng fram til politisk godkjenning.

Vedteke driftsbudsjett har samla driftsinntekter med 144 mill.kr., medan siste avlagde rekneskap viser sum driftsinntekter 153,7 mill.kr. Basert på erfaringstal for 2009 rekneskapen, og med noverande kjennskap om drifta i 2010, har ein utarbeidd ein grov prognose på 2010 rekneskapen. Denne prognosen er betydeleg betre resultatmessig enn vedteke budsjett.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

	Saldert 2010 budsjett	Opphavleg 2010 budsjett	Rekneskap 2009
DRIFTSINNTEKTER			
LN03 Brukerbetalinger	-8 800 000	-7 364 000	-8 563 578
LN04 Andre salgs- og leieinntekter	-6 900 000	-6 410 200	-6 738 641
LN05 Overføringer med krav til motytelser	-20 000 000	-15 203 700	-20 109 429
LN06 Rammetilskudd fra staten	-38 900 000	-39 600 000	-36 083 417
LN07 Andre statlige overføringer	-4 600 000	-930 000	-4 216 772
LN08 Andre overføringer	-12 000 000	-8 983 000	-12 149 307
LN09 Skatt på inntekt og formue	-44 300 000	-43 600 000	-44 508 433
LN10 Eiendomsskatt	-19 700 000	-19 700 000	-18 820 628
LN11 Andre direkte og indirekte skatter	-2 600 000	-2 360 000	-2 558 577
LN12 Sum driftsinntekter	-157 800 000	-144 150 900	-153 748 782
DRIFTSUTGIFTER			
LN14 Lønnsutgifter	85 500 000	84 033 600	82 444 518
LN15 Sosiale utgifter	21 000 000	20 819 200	18 605 858
LN16 Kjøp varer/teneste til komm.tenester	23 000 000	21 267 700	21 902 684
LN17 Kjøp varer/teneste erstatter komm.teneste	6 600 000	5 421 800	6 268 244
LN18 Overføringer	8 400 000	7 757 500	8 024 241
LN19 Avskrivninger	7 600 000	7 051 100	6 978 233
LN20 Fordelte utgifter	-900 000	-900 000	-900 000
LN21 Sum driftsutgifter	151 200 000	145 450 900	143 323 778
LN23 Brutto driftsresultat	-6 600 000	1 300 000	-10 425 004
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER			
Finansinntekter			
LN25 Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-2 380 000	-2 264 500	-5 338 015
LN26 Mottatte avdrag på lån	-120 000	-120 000	-159 412
LN27 Sum eksterne finansinntekter	-2 500 000	-2 384 500	-5 497 427
Finansutgifter			
LN29 Renteutgifter, provisjon og andre finansutgif	2 500 000	2 301 600	1 991 538
LN30 Avdragsutgifter	3 700 000	3 900 000	3 663 992
LN31 Utlån	500 000	20 000	320 000
LN32 Sum eksterne finansutgifter	6 700 000	6 221 600	5 975 530
LN34 Res.ekst. finansieringstransaksjoner	4 200 000	3 837 100	478 103
LN35 Motpost avskrivninger	-7 600 000	-7 051 100	-6 978 233
LN36 Netto driftsresultat	-10 000 000	-1 914 000	-16 925 134
AVSETNINGER			
Bruk av avsetninger			
LN38 Bruk av tidligere års regnskapsmessige ove	-1 900 000	0	-1 507 900
LN39 Bruk av disposisjonsfond	-2 012 000	-1 856 000	-1 979 193
LN40 Bruk av bundne fond			-135 000
LN41 Bruk av likviditetsreserve			
LN42 Sum bruk av avsetninger	-3 912 000	-1 856 000	-3 622 093
Avsetninger			
LN44 Overført til investeringsregnskapet	8 240 000	1 340 000	5 300 835
LN45 Dekning av tidligere års regnskap	0	0	0
LN46 Avsetninger disposisjonsfond	3 930 000	2 430 000	12 985 045
LN47 Avsetninger til budne fond	0	0	351 198
LN48 Avsetninger til likviditetsreserve			
LN49 Sum avsetninger	12 170 000	3 770 000	18 637 078
LN51 Rekneskapsmessig overskot/underskot	-1 742 000	0	-1 910 149

INVESTERINGAR

Tiltak innarbeidd i 2010 budsjettet, vedteke i desember 09;

Prosjekt	Budsjett	2010		
		Fond/overf. frå drift	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	250	250		
IKT/felles	2 500	1 500		1 000
IKT/Skulane	500	500		
Opprusting komm.bygg	3 000	2 000		1 000
Kommunale vegar	500	0		500
Vassforsyning	2 000	700	1 000	300
Avlaup	250	250		0
Utleigebustadar	3 000	1 000	500	1500
Bustadfelt	500	500	0	0
MS – 26100	200	0	0	200
Sum investeringar	12 700	6 700	1 500	4 500

Tillegg og/eller endringar i investeringsbudsjettet 2010;

1. KS-102/09 VEDTAK: Masfjorden kommunestyre har handsama prosjektet Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden for perioden 2010-2012. Kommunestyret ynskjer å prioritera dette arbeidet vidare og legg fylgjande føresetnader til grunn for satsinga:

4. Budsjett for 2010 vert godkjent slik det ligg føre med desse endringane:
 - *Til forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland vert det avsett kr. 300 000, som vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for kommunale bygg i samband med salderinga.*

Tiltaket vert innarbeidd i budsjettet med bruk av fond.

2. Utleigebustadar - Bustadutvikling. – tiltak teke ut av 2010 budsjettet

Eit av utviklingsområda som kommunen har arbeidd mykje med dei siste åra er bustadbygging. No er Duesundøy, det største prosjektet som kommunen har medverka til, ferdig planlagt og komen i salg. Kommunen har fått tilbod om å kjøpa 4 bueningar i dette prosjektet. Frist for å melda interesse for kjøp av leiligheiter er 01.12.2006. Dette tilbodet må vurderast politisk i budsjettsamheng. Kommunen sine bustader er alle utleigde. Kommunen har behov for å etablere fleire bueningar, ikkje minst i Nordbygda. Dette gjeld gjennomgangsbustader både til tilsette, innflyttarar og innbyggjarar som treng hjelp frå kommunen til bolig. Etter ei samla vurdering har rådmannen lagt inn kr. 3 mill. til etablering av kommunale leiligheiter i investeringsbudsjettet. For denne summen kan ein 2 nøkkelferdige 3-romsleiligheiter av Reknes byggjevare for utleige.

3. Utleigebustadar Sandnes – jf. Kommunestyresak 123/08

Teke med i 2009 budsjettet, men seinare trekt ut – då oppstart vart forskyve, og vert no innarbeidd i 2010 budsjettet. Bygger på same tal som KS sak vedtok.

02309	Nybygg	brutto kostnad	7.300.000	
Finansiert med;				
09700	overføring frå drift (momskompensasjon)		0	
06700	sal av hus		- 1.500.000	
09101	lånefinansiering		- 3.000.000	09400
	fondsmidlar		- 2.800.000	

4. Matre symjebasseng, finansiert med ekstra ordinært utbytte BKK og fondsmidlar – inntil 1 mill.kr. netto.

5. Kommunale vegar – KS sak 16/09, rest 200.000 innarbeidd i 2010 budsjettet
6. Heimetenester indrefjorden – garasje – grovkalkyle med kostnad 150.000,-, finansiert med bruk av fond (avsetjing 2009 rekneskapen)

Nokre prosjekt med lånefinansiering er gjort om til eigenkapital – fond og eller overføring frå drift.

Ovannemnde endringar (1-6) fører til følgjande saldert 2A/2B for 2010;

Budsjettskjema 2A

	Saldert Budsjett 2010	Opphavleg Budsjett 2010
FINANSIERINGSBEHOV		
Investering i anleggsmidlar	18 400 000	12 450 000
Utlån og forskoteringar	500 000	500 000
Avsetjingar	250 000	250 000
Årets finansierungsbehov	19 150 000	13 200 000
FINANSIERING		
Bruk av lånemidlar	-3 900 000	-4 700 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-1 500 000	0
Andre inntekter	-2 200 000	-1 500 000
Sum ekstern finansiering	-7 600 000	-6 200 000
Overført frå driftsrekneskapen	-4 240 000	-1 340 000
Bruk av avsetjingar	-7 310 000	-5 660 000
Sum finansiering	-19 150 000	-13 200 000
Udekket/udisponert = 0	0	0

Budsjettsskjema 2B

Investeringsprosjekt;

EDB - felles	2 500 000	2 500 000
EDB - skule	500 000	500 000
Matre symjebasseng	1 000 000	
Sjukeheimen	200 000	200 000
Heimetenester indrefjorden - garasje	150 000	
Utleigebustadar Hosteland	0	3 000 000
Utleigebustadar Sandnes	7 300 000	
Gjennomgangsbustadar	3 000 000	3 000 000
Kommunale vegar	700 000	500 000
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000	500 000
Avlaup	250 000	250 000
Vassforsyning	2 000 000	2 000 000
Fleirbrukshall Hosteland	300 000	
Summering investering i anleggsmidlar	18 400 000	12 450 000

Ein reknar med at det kjem til fleire investeringstiltak i løpet av året – m.a. budsjettere inn midlar til prosjekt som er vedteke tidlegare budsjettår, og som vert fullført i 2010 (omsorgsbustadar og utleigebygg Hosteland, prosjekt under vedlikehald/utbetringar

kommunale bygg etc), samt auke i investeringsvolum – f.eks kommunale vegar. Ut i frå prognose drift 2010 – kunne ein ha lagt opp til større sum overført frå drift, og f.eks redusert låneopptak meir. Ein har no redusert sum låneopptak slik at summen tilsvarar sum avdrag i 2010 budsjettet og i tråd med den malen ein har lagt seg på i denne samanheng.


KONKLUSJON

Driftsbudsjettet;

Det vert gjort ein del endringar i 2010 driftsbudsjettet jf. faktadelen. Desse endringane vert lagt inn i økonomisystemet når denne saka er handsama.

Prognose drift 2010 jf. rekneskapen pr. 1.kvartal – tilseier eit vesentleg betre resultat enn kva budsjettet for 2010 tilseier, både opphavleg og saldert.

Ein legg til grunn netto driftsresultat på 10 mill.kr



Investeringsbudsjettet;

Investeringsbudsjettet vert saldert i tråd med justert budsjettskjema 2A/2B under fakta/vurderingsdelen, og ein legg til grunn at det kjem fleire investeringspostar i løpet av året. Ein har unyttar midlar i form av overføring frå drift jf. prognose drift 2010.

Sum låneopptak er justert ned til 3,9 mill.kr. – som er taket for ekstern finansiering i 2010 budsjettet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	19.05.2010	034/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	27.05.2010	036/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 10/353
--------------	---------------------

SAK - RETNINGSLINER FOR OVER-/UNDERSKOTSFOND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune legg følgjande rutinar og retningslinjer til grunn for over- og underskotsfond (og justerer kap. 11.1 i økonomireglementet til);

11.1 Hovudregel:

- Dersom det ved handsaminga av årsrekneskap vert avdekka avvik mellom rammetildeling/budsjett og faktiske rekneskapstal, skal kommunestyret nytta fylgjande hovudregel ved disponering/dekking av meir- eller mindreforbruk.
- Mindreforbruk på eit rammeområde kan overførast til gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår, etter søknad innan 20.11. aktuelle budsjettår, men likevel avgrensa til kommunen sitt samla mindreforbruk for året. Honoreringa skjer som ein hovudregel året etter at resultatet oppstår.

1. avsetjing til overskotsfond føreset;

- a) totalrekneskapen går med eit mindreforbruk
- b) rammeområde går med eit mindreforbruk
- c) ansvar/tenesteområde går med eit mindreforbruk, men aldri større samla avsetjingar innan eit rammeområde enn at rammeområde går ut i budsjettbalanse etter avsetjingane

2. Søknad om overføring av unytta løyving skal grunngjevast, og føreliggje innan 20. november i aktuelle driftsår og elles i samsvar med økonomireglementet pkt. 11.1. Det skal fattast administrativt vedtak på kvar søknad, som vert lagt fram for Kommunestyret som del av sak delegerte vedtak i første møte på nyåret, og seinast innan møtedag for rekneskapen aktuelle år.

3. Fondsmidlane står til disposisjon inntil 3 år. Unytta midlar etter 3.år, vert overført til investeringsfond.

4. **Fondsreserve for kvart ansvar/tenesteområde kan maks utgjere 10% av netto driftsbudsjett for aktuelle ansvar/tenesteområdet aktuelle år.**
 5. **Bruk av fond, inntil 100.000 skal godkjennast av rådmannen, medan bruk av fond utover 100.000 skal innarbeidast i revidert budsjett, og formelt godkjennast av Kommunestyret**
- Meirforbruk kan dekkast av gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 100% av summen – i budsjettåret eller på neste budsjettår
6. **Dersom rammeområdet går med meirforbruk, og ein har fondsmidlar/reserve som ikkje er føreset brukt til eit bestemt føremål, kan fondsmidlane/reserve disponerast av rådmannen til inndecking av underskot.**
- Før vedtak vert fatta, skal det vera tilstrekkeleg opplyst kva som er årsaka til avviket og kva tiltak som er gjennomført i rekneskapsåret for å unngå avviket.

Finansiering

Intern forskrift/regelverk, som ikkje medfører finansieringsbehov

Heimel

Økonomireglementet

FS-034/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune legg følgjande rutinar og retningsliner til grunn for over- og underskotsfond (og justerer kap. 11.1 i økonomireglementet til);

11.1 Hovudregel:

- Dersom det ved handsaminga av årsrekneskap vert avdekka avvik mellom rammetildeling/budsjett og faktiske rekneskapstal, skal kommunestyret nytta fylgjande hovudregel ved disponering/dekking av meir- eller mindreforbruk.
- Mindreforbruk på eit rammeområde kan overførast til gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår, etter søknad innan 20.11. aktuelle

budsjettår, men likevel avgrensa til kommunen sitt samla mindreforbruk for året.

Honoreringa skjer som ein hovudregel året etter at resultatet oppstår.

1. **avsetjing til overskotsfond føreset;**
 - a) **totalrekneskapen går med eit mindreforbruk**
 - b) **rammeområde går med eit mindreforbruk**
 - c) **ansvar/tenesteområde går med eit mindreforbruk, men aldri større samla avsetjingar innan eit rammeområde enn at rammeområde går ut i budsjettbalanse etter avsetjingane**
2. **Søknad om overføring av unytta løyving skal grunngjevast, og føreliggje innan 20. november i aktuelle driftsår og elles i samsvar med økonomireglementet pkt. 11.1. Det skal fattast administrativt vedtak på kvar søknad, som vert lagt fram for Kommunestyret som del av sak delegerte vedtak i første møte på nyåret, og seinast innan møtedag for rekneskapen aktuelle år.**
3. **Fondsmidlane står til disposisjon inntil 3 år. Unytta midlar etter 3.år, vert overført til investeringsfond.**
4. **Fondsreserve for kvart ansvar/tenesteområde kan maks utgjere 10% av netto driftsbudsjett for aktuelle ansvar/tenesteområdet aktuelle år.**
5. **Bruk av fond, inntil 100.000 skal godkjennast av rådmannen, medan bruk av fond utover 100.000 skal innarbeidast i revidert budsjett, og formelt godkjennast av Kommunestyret**
 - **Meirforbruk kan dekkast av gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 100% av summen – i budsjettåret eller på neste budsjettår**
6. **Dersom rammeområdet går med meirforbruk, og ein har fondsmidlar/reserve som ikkje er føreset brukt til eit bestemt føremål, kan fondsmidlane/reserve disponerast av rådmannen til inndecking av underskot.**
 - **Før vedtak vert fatta, skal det vera tilstrekkeleg opplyst kva som er årsaka til avviket og kva tiltak som er gjennomført i rekneskapsåret for å unngå avviket.**

Finansiering

Intern forskrift/regelverk, som ikkje medfører finansieringsbehov

Heimel

Økonomireglementet

Det skjedde i Formannskapet den 19.05.2010:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-036/10 VEDTAK:

Masfjorden kommune legg følgjande rutinar og retningsliner til grunn for over- og underskotsfond (og justerer kap. 11.1 i økonomireglementet til);

11.1 Hovudregel:

- Dersom det ved handsaminga av årsrekneskap vert avdekkja avvik mellom rammetildeling/budsjett og faktiske rekneskapstal, skal kommunestyret nytta fylgjande hovudregel ved disponering/dekking av meir- eller mindreforbruk.
- Mindreforbruk på eit rammeområde kan overførast til gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår, etter søknad innan 20.11. aktuelle budsjettår, men likevel avgrensa til kommunen sitt samla mindreforbruk for året.
Honoreringa skjer som ein hovudregel året etter at resultatet oppstår.

1. avsetjing til overskotsfond føreset;

- a) totalrekneskapen går med eit mindreforbruk
- b) rammeområde går med eit mindreforbruk
- c) ansvar/tenesteområde går med eit mindreforbruk, men aldri større samla avsetjingar innan eit rammeområde enn at rammeområde går ut i budsjettbalanse etter avsetjingane

2. Søknad om overføring av unytta løyving skal grunnleggjast, og føreliggje innan 20. november i aktuelle driftsår og elles i samsvar med økonomireglementet pkt. 11.1. Det skal fattast administrativt vedtak på kvar søknad, som vert lagt fram for Kommunestyret som del av sak delegerte vedtak i første møte på nyåret, og seinast innan møtedag for rekneskapen aktuelle år.

3. Fondsmidlane står til disposisjon inntil 3 år. Unytta midlar etter 3.år, vert overført til investeringsfond.

4. Fondsreserve for kvart ansvar/tenesteområde kan maks utgjere 10% av netto driftsbudsjett for aktuelle ansvar/tenesteområdet aktuelle år.

5. Bruk av fond, inntil 100.000 skal godkjennast av rådmannen, medan bruk av fond utover 100.000 skal innarbeidast i revidert budsjett, og formelt godkjennast av Kommunestyret

- Meirforbruk kan dekkast av gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 100% av summen – i budsjettåret eller på neste budsjettår
- #### **6. Dersom rammeområdet går med meirforbruk, og ein har fondsmidlar/reserve som ikkje er føreset brukt til eit bestemt**

føremål, kan fondsmidlane/reserve disponerast av rådmannen til inndekking av underskot.

- Før vedtak vert fatta, skal det vera tilstrekkeleg opplyst kva som er årsaka til avviket og kva tiltak som er gjennomført i rekneskapsåret for å unngå avviket.

Finansiering

Intern forskrift/regelverk, som ikkje medfører finansieringsbehov

Heimel

Økonomireglementet

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.
Han sa at retningslinjene som ligg føre vil stramma til bruken av overskotsmidlar.

Saka vart grundig drøfta.

Kommunestyret gav uttrykk for at dei no var glade for at retningslinjer for over-/underskotsfond no er på plass.

Drøftinga gjekk på storleiken av summen i pkt 5; Bruk av fond inntil kr. 100.000 skal godkjennast av rådmannen.

Willy Borge, Frp, sette fram slikt endringsframlegg til fyrste asvnitt i pkt 5;
Bruk av fond, inntil kr. 50.000 skal godkjennast av rådmannen, medan bruk av fond utover 50.000 skal innarbeidast i revidert budsjett, og formelt godkjennast av kommunestyret.

Røysting:

11.1 til og med pkt 4. Samrøystes vedteke.

Pkt 5: Formannskapet si tilråding vart sett opp mot Frp sitt endringsframlegg.
**Formannskapet si tilråding vart vedteke med 15 mot 2 røyster.
(Frp)**

2. asvnitt i pkt 5: Samrøystes vedteke.

Pkt 6: Samrøystes vedteke.

Heile framlegget til Retningslinjer for overskot/underskotsfond vart tilslutt samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret har bede om at det vert utarbeidd retningsliner for fondsmidlane jf. note 12 i 2009 rekneskapen

HØYRING

Utkast til retningsliner er sendt revisjonen og Kommunekassa for høyring/innspel.

Masfjorden kommune legg følgjande rutinar og retningsliner til grunn for over- og underskotsfond;

1. avsetjing til overskotsfond føreset;
 - a. totalrekneskapen går med overskot
 - b. rammeområde går med overskot
 - c. ansvar/tenesteområde går med overskot, men aldri større samla avsetjingar innan eit rammeområde enn at rammeområde går ut i budsjettbalanse etter avsetjingane
2. Søknad om overføring av unytta løyving skal grunngjevast, og føreliggje innan 1. desember i aktuelle driftsår.. Det skal fattast administrativt vedtak på kvar søknad, som vert lagt fram for Kommunestyret som del av sak delegerte vedtak i første møte på nyåret, og seinast innan møtedag for rekneskapen aktuelle år.
3. Fondsmidlane står til disposisjon inntil 3 år. Unytta midlar etter 3.år, vert overført til investeringsfond.
4. Fondsreserve for kvart ansvar/tenesteområde kan maks utgjere 10% av netto driftsbudsjett for aktuelle ansvar/tenesteområdet
5. Bruk av fond, inntil 100.000 skal godkjennast av rådmannen, medan bruk av fond utover 100.000 skal innarbeidast i revidert budsjett, og formelt godkjennast av Kommunestyret
6. Dersom rammeområdet går med underskot, og ein har fondsmidlar/reserve som ikkje er føreset brukt til eit bestemt føremål, kan fondsmidlane/reserve disponerast av rådmannen til inndecking av underskot.

UTTALE

Revisjonen:

Nokre kommentarar etter ein rask gjennomgang som kanskje bør vurderast i tillegg.

- Pkt. 1 Endre overskot til mindreforbruk for å få meir eintydig begrep?
- Pkt. 2 Hvis KS skulle endre eit adm.vedtak. Vil då dette bli innarbeidd i neste års budsjett? (For seint å endre årets budsjett, men ein kan kanskje avvise søknader)
- Pkt. 3 Kva med midlar som er avsett i dag. Står dei i 3 neste år?
Etter 3 år overført til inv.fond. Skal overføring bli merka denne tenesta eller til generelt inv.fond. Korleis skal ein gjere dette hvis rekneskapen 3. året har meirforbruk og overføring til inv. må strykast?
- Pkt. 4 Kanskje presisere kva år 10% skal målast mot?
Netto driftsbudsjett for ansvar/tenesteområdet, er det eit eintydig begrep som ein finn eit budsjettal for?
- Pkt. 5 Rådmannen kan godkjenne bruk av fond, dette føreset truleg ein søknad. Burde rådmannen også kunne bestemt på eiga hand å bruke fondet utan søknad frå tenesten? Aktuelt ved endra omfang, omorganisering og lignende.
- Pkt 6 Skifte underskot med meirforbruk?
Dersom søknad om avsetjing må begrunnast jfr. Pkt. 2 vil kanskje alle avsetningar vera føresetta brukt til bestemt formål?

Kommunekassa:

Vi har i felleskap hatt en grundig gjennomgang, og kommer her med følgende korrigeringer/suppleringer:

Sak Retningslinjer for over-/underskuddsfond:

pkt.2 ... Det skal fattast administrativt *forslag* til vedtak på kvar søknad som vert lagt frem for formannskapet og deretter kommunestyret...

Frist i økonomireglementet for oversikt over ubrukte budsjettmidler som ein ønsker avsett til fond er *20.november* (jmfr. pkt 11.2).


pkt.3 Bør vel stå: "Fondsmidlene *kan* stå til disposisjon i *maks* 3 år".
(Kommunestyret kan gjøre en omdisponering ved å bevilge frå disposisjonsfondet til andre formål/investeringformål dersom de mener at dette er mest tenelig for kommunen).

Hvilket system har vi for å holde oversikt over over de ulike rammeområdenes avstatte midler i disposisjonsfondet og bruken av dem?

Pkt.4 Skulle det vært henvist til økonomireglementet pkt 11.1 kulepunkt ifht. at det er maks 50% av mindreforbruket som kan overførast?

FAKTA & VURDERING

Under disposisjonsfond drift har driftseiningane samla nær 7,2 mill.kr. til disposisjon – opparbeid over tid.



Administrasjon har fondsreserve med kr. 858.840. **Skule** nær 1,8 mill.kr., **Helse** har fondsmidler med 264.004,-. **Sosial- og barnevern** 488.000,- i fond, kor avsett 270.000 til barnevern i 2009. **Pleie- og omsorg** om lag 2,3 mill.kr. **Kultur** 148.810 (+ at det er oppretta eit eige kulturfond på 1 mill.kr.). **Teknisk** 1,3 mill.kr.,

Kyrkja, barnehage (overført til bundne driftsfond) og **folkevalde organ** har ingen fondsreservar.

Omfanget av søknader om overføring av unytta løyvingar har normalt vore på 1-3 søknader pr.år. I samband med 2009 rekneskapen fekk ein 17 søknader, kor 13 fekk innvilga overføring av unytta midlar jf. framlagde vedtak under delegerte vedtak 29.4.2010.

Ein har ikkje formalisert retningsliner for avsetjingar av unytta løyvingar, og ein kjem her med framlegg til rutinar og retningsliner til grunn for over- og underskotsfond;

For å kunne føreta avsetjing til overskotsfond, må først totalrekneskapen gå med overskot, dernest må rammeområde gå med overskot og til slutt må ansvar/tenesteområde gå med overskot. Sum avsetjingar kan aldri bli større enn at rammeområde går ut i budsjettbalanse etter avsetjingane

Erfaringsmessig er få av søknad om overføring av unytta løyving grunngeven, og det bør settast som ein føresetnad. Søknaden må føreliggje innan 1. desember i aktuelle driftsår. Det skal fattast administrativt vedtak på kvar søknad, som vert lagt fram for Kommunestyret som del av sak delegerte vedtak i første møte på nyåret, og seinast innan møtedag for rekneskapen aktuelle år.

Ein del av noverande fondsreservar er av eldre dato. Tiltrår ei tidsavgrensing, og at fondsmidlane står til disposisjon inntil 3 år. Unytta midlar etter 3.år, tiltrår ein vert overført til generelt investeringsfond. 3.års fristen gjeld frå 2009. dvs. at har ein fått avsett unytta løyving til fond, og desse ikkje er brukt innan 31.12.2011 vert desse midlane automatisk overført til investeringsfond.

Fondsreserve for kvart ansvar/tenesteområde kan maks utgjere 10% av netto driftsbudsjett for aktuelle ansvar/tenesteområdet. Ein tilrår % sats og ingen kr.sum, då disponible budsjett varierer stort frå største til minste ansvarsområde.

Tilrår ei innskjerping i forhold til disponering av avsette fondsmidlar. Bruk av fond, inntil 100.000 skal godkjennast av rådmannen, medan bruk av fond utover 100.000 skal innarbeidast i revidert budsjett, og formelt godkjennast av Kommunestyret

Dersom rammeområdet går med underskot, og ein har fondsmidlar/reserve som ikkje er føreset brukt til eit bestemt føremål, kan fondsmidlane/reserve disponerast av rådmannen til inndekking av underskot.

I gjeldane økonomireglementet har vi følgjande forhold som relaterer seg til tema i denne saka, vi har ikkje praktisert automatikk i avsetjingar og bruk av fond,

11 HANDSAMING AV ÅRSREKNESKAP/RESULTAT

11.1 Hovudregel:

- Dersom det ved handsaminga av ein årsrekneskap vert avdekka avvik mellom rammetildeling og faktiske rekneskapstal, skal kommunestyret nytta fylgjande hovudregel ved disponering/dekking av meir- eller mindreforbruk.
- Mindreforbruk på eit rammeområde vert overført til gjeldande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår, men likevel avgrensa til kommunen sitt samla mindreforbruk for året. Honoreringa skjer som ein hovudregel året etter at resultatet oppstår.
- Meirforbruk skal dekkast av gjeldande rammeområde med 100% av summen – i budsjettåret eller på neste budsjettår
- Før vedtak vert fatta, skal det vera tilstrekkeleg opplyst kva som er årsaka til avviket og kva tiltak som er gjennomført i rekneskapsåret for å unngå avviket.

og tilrår difor at vi endrar økonomireglementet på dette område

11.1 Hovudregel:

- Dersom det ved handsaminga av årsrekneskap vert avdekka avvik mellom rammetildeling/budsjett og faktiske rekneskapstal, skal kommunestyret nytta fylgjande hovudregel ved disponering/dekking av meir- eller mindreforbruk.
- Mindreforbruk på eit rammeområde kan overførast til gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår, etter søknad innan 20.11. aktuelle budsjettår, men likevel avgrensa til kommunen sitt samla mindreforbruk for året. Honoreringa skjer som ein hovudregel året etter at resultatet oppstår.
- Meirforbruk kan dekkast av gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 100% av summen – i budsjettåret eller på neste budsjettår
- Før vedtak vert fatta, skal det vera tilstrekkeleg opplyst kva som er årsaka til avviket og kva tiltak som er gjennomført i rekneskapsåret for å unngå avviket.

KONKLUSJON

Ein tilrår at retningsliner og rutinar framsett under framlegg til vedtak vert lagt til grunn for over- og underskotsfond, og at det vert gjort justeringar i pkt. 11.1. i økonomireglementet i tråd med innstillinga.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	19.05.2010	033/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	27.05.2010	037/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 10/354
--------------	---------------------

SAK - FINANSRAPPORTERING 2009 OG ENDRINGAR I FINANSREGLEMENTET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Finansrapporteringa 2009 vert teken til vitring
2. Finansforskrifta som gjeld frå 1.7.2010 medfører ikkje vesentlege endringsbehov av kommunen sitt gjeldane finansreglement og praktisering av eksisterande finansforvaltning. Ein gjennomfører i perioden mai-november 2010 ein bankavtaleprosess som ein anser som viktig del av finansforvaltninga. Ein vil parallelt arbeide med å knytte til oss ein uavhengig instans i tråd med § 5 i forskrifta. Revidert utkast til finansreglement vert å leggje fram til politisk handsaming desember 2010.

Finansiering

Heimel

m.a. økonomireglementet til kommunen og spesielt kap. 19.8

FS-033/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. **Finansrapporteringa 2009 vert teken til vitring**
2. **Finansforskrifta som gjeld frå 1.7.2010 medfører ikkje vesentlege endringsbehov av kommunen sitt gjeldane finansreglement og praktisering av eksisterande finansforvaltning. Ein gjennomfører i perioden mai-november 2010 ein bankavtaleprosess som ein ser som viktig del av finansforvaltninga. Ein vil parallelt arbeide med å knytte til oss ein uavhengig instans i tråd med § 5 i forskrifta. Revidert utkast til finansreglement vert å leggje fram til politisk handsaming desember 2010.**

Finansiering

Heimel

m.a. økonomireglementet til kommunen og spesielt kap. 19.8

Det skjedde i Formannskapet den 19.05.2010:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-037/10 VEDTAK:

1. **Finansrapporteringa 2009 vert teken til vitring**
2. **Finansforskrifta som gjeld frå 1.7.2010 medfører ikkje vesentlege endringsbehov av kommunen sitt gjeldane finansreglement og praktisering av eksisterande finansforvaltning. Ein gjennomfører i perioden mai-november 2010 ein bankavtaleprosess som ein ser som viktig del av finansforvaltninga. Ein vil parallelt arbeide med å knytte til oss ein uavhengig instans i tråd med § 5 i forskrifta. Revidert utkast til finansreglement vert å leggje fram til politisk handsaming desember 2010.**

Finansiering**Heimel**

m.a. økonomireglementet til kommunen og spesielt kap. 19.8

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Kari Skår Sørheim fekk permisjon frå møtet etter handsaming av denne saka.

SAKSTILFANG:

Ny finansforskrift, fastset av Kommunal- og regionaldepartementet

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Finansreglementet; jf. pkt. 19.8 rapportering og kontroll i økonomireglementet;

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga. Rådmannen rapporter minst to gonger årleg til kommunestyret.

Rapporten skal innehalda:

- Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
- Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
- Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
- Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvensar rådmannen trekkjer av dette.

Frå sentralt hald er det gjort endringar i forskrift som gjeld finansreglement;

KRD, pressemelding av 12.06.2009;

Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa strammer inn regelverket for kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning.

- I forbindelse med den såkalte Terra-saken varslet jeg en gjennomgang av alt relevant regelverk som legger føringer for kommunenes finansforvaltning. Vi sendte i fjor høst ut et utkast til ny forskrift om kommunenes finansforvaltning på høring. Nå har vi vurdert alle innspill og fastsetter ny forskrift, sier Kleppa.

Forskriften regulerer kommunenes og fylkeskommunenes plassering av ledig likviditet og forvaltning av gjeldsporteføljen. - Dette er penger som kommunene og fylkeskommunene forvalter på vegne av fellesskapet. I dette ligger det et stort ansvar for å forvalte midlene ut fra hensynet til gode og stabile velferdstjenester. Jeg ønsker meg lokalpolitikere som er seg bevisst det ansvaret de har for å forvalte midlene på en god måte. Innstrammingene som er gjort med den nye forskriften, skal bidra til dette, sier Kleppa.

En av endringene er at kommunene og fylkeskommunene skal utarbeide og vedta sitt eget finansreglement minst én gang i hver kommunestyre- eller fylkestingsperiode. Den nye forskriften presiserer at kommunenes finansforvaltning må samsvare med egen kunnskap på feltet. Kravene til rapportering til kommunestyret og fylkestinget er styrket, og forskriften presiserer ansvarsdelingen mellom lokalpolitikere og administrasjonen og kravet til risikovurderinger og risikohåndtering.

For å gi kommunesektoren tid til å innrette seg det nye regelverket, vil forskriften tre i kraft 1. juli 2010.

HØYRING

Ein har kontakta revisjonen i forhold til § 5 i finansforskrifta, om dei kan påta seg rolla som uavhengig instans. Har ikkje fått noko endeleg svar på denne førespurnaden.

FAKTA

Rapportering finansforvaltning 2009:


Generelt sett viser ein til rekneskapen 2009, og spesielt til note 11 i rekneskapshefte 2009. langsiktig gjeld (innlån) utgjer 67,3 mill.kr., og kor all langsiktig gjeld no er flytande. Kravet om andel med fastrente i finansreglementet er av Kommunestyret mellombels oppheva.

Viser elles til rekneskapen når det gjeld finanspostar, kor gradvis lågare rentenivå frå 5,75% og ned på 1,25% i 2009 har medført betydelege lågare rentekostnad enn budsjettet med opphavleg (4,4 mill.kr.) og enda på 1.991.538,-.

Renteutvikling (2008 – og hittil 2010), Oversikt over rentemøte og endringar i styringsrenta – Noregs bank.


Rentemøte	Styringsrente	Døgnlånsrente	Endring	Gjelder frå
Rentemøte	Styringsrente	Døgnlånsrente	Endring	Gjelder fra
5. mai 2010	2,00	3,00	+0,25	6. mai 2010
24. mars 2010	1,75	2,75	0	
3. feb 2010	1,75	2,75	0	
16. des 2009	1,75	2,75	+0,25	17. des 2009
28. okt. 2009	1,50	2,50	+0,25	29. okt. 2009
23. sep. 2009	1,25	2,25	0	
12. aug 2009	1,25	2,25	0	
17. juni 2009	1,25	2,25	-0,25	18. juni 2009
6. mai 2009	1,50	2,50	-0,5	7. mai 2009
25. mars 2009	2,00	3,00	-0,5	26. mars 2009
4. feb. 2009	2,50	3,50	-0,5	5. feb. 2009
17. des. 2008	3,00	4,00	-1,75	18. des. 2008
29. okt. 2008	4,75	5,75	-0,5	30. okt. 2008
15. okt. 2008	5,25	6,25	-0,5	16. okt. 2008
24. sep. 2008	5,75	6,75	0	
25. mars 2009	2,00	3,00	-0,5	26. mars 2009
4. feb. 2009	2,50	3,50	-0,5	5. feb. 2009

17. des. 2008	3,00	4,00	-1,75	18. des. 2008
29. okt. 2008	4,75	5,75	-0,5	30. okt. 2008
15. okt. 2008	5,25	6,25	-0,5	16. okt. 2008
24. sep. 2008	5,75	6,75	0	25. sep. 2008




Prognose tilseier gradvis aukande rente i 2010.

Masfjorden kommune betalte samla kr. 3.937.413 i avdrag i 2009 rekneskapen. Mange kommunar legg etter kvart minimumsavdrag som grunn for sum bokførte avdrag i kommunerekneskapen. Minimumsavdrag for Masfjorden kommune utgjorde 1.974.731,-. Og ein betalte dermed ned kr. 1.974.731,- meir enn strengt tatt nødvendig – ut i frå den økonomiske stoda meiner ein at dette er rett praksis, og vil tilrå at ein held fram med dette.



Innestående midlar (omlaupsmidlar) i bank er basert på konsernkontoavtale med Sparebanken vest. Ein er kjent med at kommunar som har gjennomført fullstendig bankavtale vurdering og anbod i 2009 har oppnådd gode avtalar, og vi legg opp til ein slik prosess i 2010.

Låneinstitusjon;



Avkastning av plassering i pengemarknaden og aksjefond vart budsjettert med å gje ei inntekt på 100.000,-, ut i frå at 2008 rekneskapen resulterte i ei utgift med kr. 131.253 (så pass bra resultat pr. 31.12.08 fordi ein ikkje inntektsførte avkastning aksjefond i rekneskapen pr. 31.12.07) og at ein var mitt oppe i finanskrisa.

Konto	Konto (tekst)	31.12.08	31.12.09	
21131002	Carnegie obligasjon	2 372 483,00	2.500.131	+ 5,4%
21131003	Carnegie aksje norge	1 540 046,00	2.509.965	+ 63%
21131004	Carnegie forvaltning	1 035 039,00	1.075.818	+ 3,9%
21131005	DnB nor obligasjonsfond	5 148 108,00	5.469.800	+ 6,2%
21131006	FS Delta	1 565 732,00	1.649.236	+ 5,3%
21131007	FS Alpha	1 464 520,00	2.629.887	+ 79,6%
		13 125 928,00	15.834.837	

Avkastning enda opp med 2,7 mill.kr.

Ein har sett av som bufferfond for svingingar i aksjemarknaden spesielt, 4,7 mill.kr. under disp.fond drift 2.5600.100 pr. 31.12.2009.

Finansreglementet er ein del av økonomireglementet, vedteke i 2008 med utvida plasseringsramme – kan plassere inntil 20 mill.kr., og aksjefond med inntil 10 mill.kr. (jf. Kommunestyresak 33/08) men er basert på tidlegare vedteke finansreglement frå 2001. Dette reglementet må reviderast i 2009.

I tråd med fullmakt gitt i finansreglementet har kommunen plassert 3 mill.kr. i pengemarknaden/aksjefond i løpet av 2008. Denne plasseringa har gitt god utteljing i 2009 rekneskapen. Samla sett er 6 mill.kr. plassert, som pr. 31.12.09 har ein samla verdi på litt over 15,8 mill.kr.

Finanskrisa (vi står no framføre del 2 kor statar har økonomiske problem (tidl. bankar)) gjev usikre forhold framover, og vi har valt å ikkje bruke meir av plasseringsramma av denne grunn. Plassering vert løpande vurdert, og erfaring tilseier at etter ein nedtur som ein har hatt no, kan ein pårekne til dels kraftig vekst når økonomien snur. Det kan difor komme ytterlegare plasseringar i 2010, men då sannsynlegvis ved at vi realiserer nokre av plasseringane og brukar desse frigjorde midlane til nye plasseringar.

Ny finansforskrift som gjeld frå og med 1.7.2010;

Ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning

Fastsatt av Kommunal- og regionaldepartementet 9. juni 2009 med hjemmel i lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 52 nr. 2.

§ 1. Virkeområde

Forskriften gjelder for kommuners og fylkeskommuners virksomhet.

§ 2. Reglement for finansforvaltningen

Kommunestyret og fylkestinget skal selv gi regler for kommunens eller fylkeskommunens finansforvaltning.

Reglementet skal vedtas minst én gang i hver kommunestyre- og fylkestingsperiode.

§ 3. Rammer for reglementet

Kommunestyret og fylkestinget skal ved fastsettelsen av reglementet vektlegge hensynet til en forsvarlig økonomiforvaltning og hensynet til å kunne dekke sine løpende betalingsforpliktelser. Reglementet skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen eller fylkeskommunen fra å ta vesentlig finansiell risiko i sin finansforvaltning.

Ved forvaltning av ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål skal det legges vekt på lav finansiell risiko og høy likviditet.

Det skal i kommunen eller fylkeskommunen være kunnskap om finansforvaltning som til enhver tid er tilstrekkelig for at kommunen eller fylkeskommunen kan utøve sin finansforvaltning i tråd med sitt finansreglement. Dette gjelder også når kommunen eller fylkeskommunen kjøper finansforvaltningstjenester fra andre.

§ 4. *Innholdet i reglementet*

Reglementet skal omfatte forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens midler og gjeld, herunder:

- a) Ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål.
- b) Langsiktige finansielle aktiva.
- c) Gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtaler.

Reglementet skal minimum angi:

- a) Formålet med forvaltningen.
- b) Hva som regnes som langsiktige finansielle aktiva.
- c) Rammer og begrensninger for forvaltningen av de ulike forvaltningstyper som angitt i første ledd, herunder tillatt risikonivå, krav til risikospredning og tillatte finansielle instrumenter.
- d) Tidspunkt for og innhold i statusrapporteringen for finansforvaltningen i tråd med §§ 6 og 7.
- e) Håndtering av avvik fra finansreglementet.

§ 5. *Kvalitetssikring av reglementet*

Kommunestyret og fylkestinget skal påse at uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurderer om finansreglementet legger rammer for en finansforvaltning som er i tråd med kommunelovens regler og reglene i denne forskrift. Vurderingen skal skje før reglementet vedtas i kommunestyret og fylkestinget.

§ 6. *Rapportering til kommunestyret eller fylkestinget*

Administrasjonssjefen skal minst to ganger i året legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser status for kommunens eller fylkeskommunens finansforvaltning.

I tillegg skal administrasjonssjefen etter årets utgang legge fram en rapport for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen gjennom året og status ved utgangen av året.

Bestemmelsen gjelder tilsvarende for kommuneråd eller fylkesråd i kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisme.

§ 7. *Innholdet i rapporteringen*

Rapporteringen skal inneholde en beskrivelse og vurdering av:

a) Aktiva

- Sammensetningen av aktiva
- Markedsverdi, samlet og fordelt på de ulike typer aktiva
- Vesentlige markedsendringer
- Endringer i risikoeksponering
- Avvik mellom faktisk forvaltning og kravene i finansreglementet
- Markedsrenter og egne rentebetingelser

b) Passiva

- Sammensetning av passiva
- Løpetid for passiva
- Verdi, samlet og fordelt på de ulike typer passiva
- Vesentlige markedsendringer
- Endringer i risikoeksponering
- Avvik mellom faktisk forvaltning og kravene i finansreglementet
- Markedsrenter og egne rentebetingelser

§ 8. *Rutiner for finansforvaltningen*

Det skal etableres administrative rutiner som sørger for at finansforvaltningen utøves i tråd med finansreglementet, gjeldende lover og denne forskrift, og at finansforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll. Det skal herunder etableres rutiner for vurdering og håndtering av finansiell risiko, og rutiner for å avdekke avvik fra finansreglementet.

Kommunestyret og fylkestinget skal påse at uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurderer rutinene.

Kommunestyret og fylkestinget skal påse at slike rutiner er etablert og etterleves.

§ 9. *Ikrafttredelse*

Forskriften trer i kraft 1.7.2010.

Fra samme tidspunkt oppheves forskrift 5. mars 2001 nr. 299 om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning.

Kommunen sitt gjeldende finansreglementet utgjør kap. 19 i økonomireglementet. Praktisering av dette regelverket medfører ikke det store endringsbehovet i høve justeringar gjort i finansforskrifta frå sentralt hald.

Bankavtalevurdering

Vi har henta inn tilbod frå Kommunalbanken om bistand med bankavtalar er ei vidareføring av eit av dei viktigaste produkta i vår tidlegare avdeling NKB Rådgjevingsteneste. Som

kredittføretak konkurrerer Kommunalbanken ikkje om ordinære banktenester, difor kan dei fortsatt tilby denne typen oppdrag som ein nøytral aktør med masse erfaring innanfor eit noko spesielt fagfelt. Prosess kring bankavtale gjer vi i samarbeid med Kommunalbanken og Meland kommune. Her er nokre forhold saksa frå tilbod og kontrakt Kommunalbanken.

Bistand ved bankavtaleforhold

Ein god bankavtale er etter vår vurdering sjølve kjerna i kommunen sin finansforvaltning. Ein slik avtale er krevjande både å etablere og følgje opp att seinare. Me tilbyr bistand gjennom heile etableringa av ny bankavtale fram til kontrakten er klar til underteikning.

Dette vil m.a. omfatte:

- kartlegging av transaksjonsdata m. v. saman med kommunane
- utarbeiding av konkurransegrunnlag for kvar kommune
- kunngjering av konkurransen i Doffinregisteret og utsending av konkurransegrunnlaget, med prosedyren ”konkurranse med forhandling”
- mottak av tilbod, kontakt med bankane
- utarbeide førstevurdering av dei motteke tilboda til kvar kommune
- bistand ved felles informasjonsmøte/ forhandlingsmøte mellom bankane og kommunane
- vurdering av dei korrigererte tilboda, med utarbeiding av samla rapport med tilråding for kvar kommune
- utarbeide tildelingsbrev
- bistand ved endeleg kontraktsinngåing

Me har dei siste åra utført ca. 25 – 30 slike oppdrag årleg for norske kommunar, og kjenner dermed denne marknaden svært godt. Referansar Troms, Finnmark, Hedmark og Oppland f.k, Karmøy, Askøy, Sauda, Stord, Harstad, Bergen, Kongsvinger, Asker, Bærum, Trondheim, Sarpsborg og Trøgstad for å nemne nokre.

Prisen for eit slikt konsulentoppdrag er normalt minimum kr. 40 000,- (+ moms) som fastpris for heile oppdraget pr. kommune, men her er me villege til å redusere prisen til kr. 30 000 + moms pr. kommune dersom det blir med 2 kommunar, til saman kr. 60 000. Kontrakten blir lagt ved til orientering og eventuelt seinare underskrift. Eventuelle reiseutgifter kjem i tillegg.

Sannsynlegvis kan eit eventuelt oppdrag blir gjennomført som ”konkurranse med forhandling”. Det vil gje oss moglegheita til å forhandle med enkeltbankar heilt fram til kontrakten blir underteikna. Ved å ta i bruk ein velutvikla mal som konkurransegrunnlag er det realistisk å oppnå svært gunstige avtalar i dagens marknad. I samsvar med den nye Lov om offentleg anskaffing skal alle kommunar konkurranseutsette sin hovudbankavtale kvart fjerde år.

Arbeidet med konkurransegrunnlaga vil bli starta opp umiddelbart etter at kontrakten er motteke i retur. Gjennomføringa av heile oppdraget tar frå ca. 5 månader, avhengig av kor raskt me får inn grunnlagsdata og kor lang tid avgjersla om val av bank tar i kommunen.

KONKLUSJON

Legg med dette fram hovudtal og trekk ved finansforvaltninga 2009, og tilrår at denne vert teken til vitring. For ei tid attende fekk vi ny finansforskrifta, denne skal gjelde frå 1.7.2010. Slik vi vurderer det, medfører ikkje den nye finansforskrifta noko vesentlege endringsbehov av kommunen sitt gjeldane finansreglement og praktisering av eksisterande finansforvaltning. Ut i frå andre kommunar sin erfaring med å føreta eit anbod på bankavtale no, har ein administrativt vedteke (jf. dialog formannskapet april) å gjennomføre ein bankavtaleprosess i 2010, som ein anser som viktig del av finansforvaltninga. Ein vil parallelt arbeide med å knytte til oss ein uavhengig instans i tråd med § 5 i forskrifta – avventar i første omgang svar frå revisjonen. Når bankavtale og avklaringar elles kring finansforvaltninga, vil ein leggje fram evt. revidert utkast til finansreglement til politisk handsaming desember 2010.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	19.05.2010	036/10	Alf Strand
Kommunestyret	27.05.2010	038/10	Alf Strand

Arkiv: N-210	Arkivsaknr.: 10/308
--------------	---------------------

SAK - MEDLEMSSKAP I MOT - EVALUERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ut frå dei erfaringane ein har gjort i denne perioden, vil rådmannen tilrå at Masfjorden sitt medlemskap i MOT held fram. Ei eiga sak om føresetnader og formalitetar omkring fornya medlemskap vil bli lagt fram for kommunestyret til hausten.

Finansiering

Det må årleg setjast av om lag kr 300000 til MOT-satsinga i samband med budsjetthandsaminga.

Heimel

FS-036/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Ut frå dei erfaringane ein har gjort i denne perioden, vil rådmannen tilrå at Masfjorden sitt medlemskap i MOT held fram. Ei eiga sak om føresetnader og formalitetar omkring fornya medlemskap vil bli lagt fram for kommunestyret til hausten.

Finansiering

Det må årleg setjast av om lag kr 300000 til MOT-satsinga i samband med budsjetthandsaminga.

Heimel

Det skjedde i Formannskapet den 19.05.2010:

Rådjevar Alf M. Strand møtte til denne saka. Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-038/10 VEDTAK:

Ut frå dei erfaringane ein har gjort i denne perioden, vil rådmannen tilrå at Masfjorden sitt medlemskap i MOT held fram. Ei eiga sak om føresetnader og formalitetar omkring fornya medlemskap vil bli lagt fram for kommunestyret til hausten.

Finansiering

Det må årleg setjast av om lag kr 300000 til MOT-satsinga i samband med budsjetthandsaminga.

Heimel

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Rådgjever Alf Strand var tilstades under handsaming av saka.

Saka vart drøfta.

Morten Gullaksen, Frp, synte til saksutgreiinga der det sto at det var negativ tilbakemelding frå rektorane om gjennomføring av samlingane.

Han spurde om det mogleg å få gjort ting på ein betre og smidigare måte.

Rådgjever Alf Strand sa at ein har ikkje halde på lenge. Det tok ei stund før ein fekk ei smidig gjennomføring av samlingane.

Det har gått betre dette skuleåret enn fyrste året. Rektorane peikar på nokre punkt som kan gjerast enklare, slik at planlegginga på den enkelte skule i forkant av samlingane kan gå greiare.

Dette stel mykje tid. Rektorane er klar over at dette er noko som på sikt vil gje resultat i ungdomsmiljøet.

I spørjeskjema som elevane har svara på går det fram at elevane er positive til MOT og synest det er viktig og at dei lærer mykje.

Konklusjonen frå elevane er at ein må halda fram med MOT.

Siri Kratzmeier sa at KrF støttar fortsett medlemskap i MOT.

Kratzmeier sette fram slikt framlegg:

Kommunestyret ber om at det vert sett i gong sertifikatstøttekurs frå hausten 2010.

Rådgjever Alf Strand orienterte om at dette kjem som sak på neste møte i kraftfondsstyret.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Då kommunestyret i 2006 vedtok at Masfjorden skulle bli med i MOT, vedtok ein samstundes at medlemsskapet skulle evaluerast før ein tek avgjerd i om ein skal halda fram som medlem når 3-årsperioden er omme.

Evalueringa har vore gjennomført vinteren/våren 2010. I evalueringa har desse vore med: Ungdomsskuleelevane, kontaktlærarane, rektorane og MOT-informatørane.

Ulike spørjeskjema vart delte ut til elevane, kontaktlærarane, rektorane og MOT-informatørane. Alle dei vaksne har levert inn utfylte spørjeskjema. I klassane ligg svarprosenten mellom 80 og 100. I dei fleste klassane har alle elevane svart på alle spørsmåla. Mange av dei har og levert kommentarar. Oppsummeringa frå 10. klasse er kome i form av ein liten tekst frå kvar elev.

Korleis MOT-arbeidet har vore lagt opp

Masfjorden har fire MOT-informatørar: Marta Midtbø, Charlotte Nielsen, Per Einar Langhelle og Endre Tynning Nystrand. Alle har vore på skulering hjå MOT sentralt. Marta Midtbø er koordinator for opplegget her i kommunen.

Det har vore to-tre felles samlingar pr skuleår for kvart klassesteg. I tillegg er det ei heildagssamling pr. klassesteg på kvar skule. Opplegget på desse samlingane byggjer på ein mal utarbeidd av MOT sentralt, men med lokal tilpassing. Informatørane deler arbeidsoppgåvene på samlingane mellom seg. MOT-informatørane er med på foreldremøte i 8. klasse på kvar skule og felles elev-/foreldremøte for 9. klasse. Kvar skule ordnar med skyss av sine elevar til samlingane. Fellessamlingane går på omgang mellom skulane. Den skulen som har samlinga, syter for servering til elevar og vaksne.

HØYRING

Oppsummering av svara frå elevane:

Kor godt er du fornøgd med opplegget i timane? Svar i %

Klasse/skule	Godt	Middels	Ikkje nøgd
Nordbygda 9.	85	15	0
Matre 9.	100	0	0
Sandnes 9.	100	0	0
Nordbygda 8.	77	23	0
Matre 8.	83	17	0

Sandnes 8.	62	28	0
------------	----	----	---

2 Kor viktig er det du lærer på samlingane? Svar i %

Klasse/skule	Svært viktig	Litt viktig	Ikkje viktig
Nordbygda 9.	77	23	0
Matre 9.	100	0	0
Sandnes 9.	100	0	0
Nordbygda 8.	88	12	0
Matre 8.	60	40	0
Sandnes 8.	62	38	0

3 Kor viktig er samveret med jamaldringar på samlingane? Svar i %

Klasse/skule	Svært viktig	Litt viktig	Ikkje viktig
Nordbygda 9.	61	39	0
Matre 9.	100	0	0
Sandnes 9.	86	14	0
Nordbygda 8.	33	67	0
Matre 8.	50	50	0
Sandnes 8.	12	88	0

4 Kva er viktigast av det du har lært på MOT? Svar i %

Klasse/skule	Å stå for egne meiningar	Å endra haldningar	Å vita korleis eg skal vera mot andre
Nordbygda 9.	77	0	23
Matre 9.	80	20	0
Sandnes 9.	72	0	28
Nordbygda 8.	78	0	22
Matre 8.	66	17	17
Sandnes 8.	50	12	38

5 Ynskjer du at MOT skal halda fram neste skuleår?

Ja	96 %
Nei	0 %
Veit ikkje	4 %

Tilbakemelding frå rektorane:

Positivt:

Dei klassane som har jobba med MOT i to år eller meir, har hatt stor nytte av satsinga. God utvikling i klassemiljøet. Best effekt i dei klassane som har ein kontaktlærer som samstundes er MOT-informatør.

Elevane frå dei ulike skulane har fått eit betre forhold til kvarandre.
Elevane er blitt flinkare til å ta vare på kvarandre, bry seg og melda frå
Elevane er blitt meir trygge på kvarandre og meir opne med kvarandre

Negativt:

Det går mykje tid.

Rektorane kunne godt vore tekne med meir i planlegginga av skuleåret slik at ein lettare unngår kollisjonar.

Rektorane er lite informerte om opplegget i timane. Informatørane bør informera heile personalet på skulane om arbeidet ved starten av skuleåret. Kva emne skal takast opp på kvar samling? Det ville òg gjera det lettare for kontaktlærarane å følgja opp arbeidsmåtane i klassen.

Skyss er ei utfordring

Kan vera vanskar å senda ein lærar med klassen ein heil dag når vedkomande skulle hatt timar i andre klassar.

Tilbakemelding frå kontaktlærarane:

Elevane har fått meir kunnskap om ein del emne som går på å ta egne val.

Elevane har blitt meir bevisstgjorte i høve til å ta egne val.

Elevane har blitt meir kjende med jamaldringar

Elevane lærer seg å reflektera og tenkja gjennom situasjonar før dei oppstår.

Elevane får ”verktøy” til å handtera situasjonar i dagleglivet.

Elevane har lært å stå for det dei er og gjer.

Tilbakemelding frå MOT-informatørane:

Samarbeidet mellom informatørane har fungert godt. Dei har fordelt arbeidsoppgåvene mellom seg på ein måte som har fungert. Samarbeidet med skulane har gått seg til etter kvart.

Det er mange praktiske ting som skal klaffa.

Dei opplever elevane som:

- tryggare på seg sjølv
- flinkare til å ta vare på kvarandre
- flinkare til å gje og ta imot ros
- meir reflekterte

Økonomi:

For medlemskap i MOT betalar kommunen kvart år	kr 65000
Lønsutgifter for informatørane:	kr 200000
Reiseutgifter til kurs	kr 10000
Skyss av elevar	kr 20000
Servering	kr 10000
Samla årlege utgifter	kr 305000

VURDERING/ KONKLUSJON

Arbeidet med MOT i ungdomsskulen starta med dei elevane som denne våren er ferdige med 10. klasse.

Tilbakemeldingane frå alle partar er positive. Det er sjølvsagt vanskeleg å måla om MOT-arbeidet har hatt nokon direkte effekt. Men dei som har vore med, både elevar og vaksne, meiner at elevane har lært mykje av dette arbeidet. Alle meiner òg at det elevane har tileigna seg gjennom arbeid med MOT, vil vera ein del av den positive ballasta dei kan ta med seg når dei forlet ungdomsskulen og skal over i vidaregåande skule i eit nytt og større miljø.

Det er av stor verdi at ungdommane lærer seg å ta eigne val og å stå for eigne meiningar. Dersom dei òg får mot og evne til å ta omsyn til andre, vil det vera eit bidrag til eit varmare samfunn i tråd med MOT sin filosofi.

Rådmannen trur at MOT-satsinga har vore positiv i høve til dei tre årskulla som har vore med. Det som blir spennande, er om desse elevane tek det dei har lært og opplevd med seg ut i verda. Rådmannen er positiv til at MOT-arbeidet skal halda fram

MOT-satsinga har òg ei økonomisk side slik det går fram av oversynet ovanfor. Grovt sett kostar MOT kommunen 300000 for året. Då får om lag 60 elevar delta på samlingane og 4 informatørar får vera med på årleg oppdatering av eigen kunnskap innanfor dette området .

I reknestykket som var sett opp då kommunen blei medlem, var ikkje løn til informatørane sett opp som eige punkt. Arbeidet med MOT skulle vera ein del av den stillinga informatørane har i kommunen. I rekneskapet ovanfor er løn for den prosentdelen av stillinga som kvar av dei har til MOT-arbeid, spesifisert. Difor er reknestykket eit anna no.

Ut frå dei erfaringane ein har gjort i denne perioden, vil rådmannen tilrå at Masfjorden sitt medlemsskap i MOT held fram. Ei eiga sak om føresetnader og formalitetar omkring fornya medlemsskap vil bli lagt fram for kommunestyret til hausten.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	19.05.2010	037/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	27.05.2010	039/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-536	Arkivsaknr.: 06/985
--------------	---------------------

SAK - SYMJE BASSENG MATRE - REPARASJON / AVFUKTING / VARMEGJENVINNING - 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune engasjerer fagkunnige til å prosjektere utskifting / oppgradering av avfuktingsanlegget i Matre symjebasseng. Prosjektet vert så kostnadsrekna og sett i verk innafor ei netto kostnadsramme på kr 1.000.000.

Rådmannen rapporterer til formannskapet om framdrift i prosjektet.

Finansiering

Investeringsbudsjett 2010

Heimel

Reglement for kommunestyret § 1

Utskrift vert sendt:

her driftsavdelinga

FS-037/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune engasjerer fagkunnige til å prosjektere utskifting / oppgradering av avfuktingsanlegget i Matre symjebasseng. Prosjektet vert så kostnadsrekna og sett i verk innafor ei netto kostnadsramme på kr 1.000.000.

Rådmannen rapporterer til formannskapet om framdrift i prosjektet.

Finansiering

Investeringsbudsjett 2010

Heimel

Reglement for kommunestyret § 1

Det skjedde i Formannskapet den 19.05.2010:

Ordfører orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-039/10 VEDTAK:

Masfjorden kommune engasjerer fagkunnige til å prosjektere utskifting / oppgradering av avfuktingsanlegget i Matre symjebasseng. Prosjektet vert så kostnadsrekna og sett i verk innafor ei netto kostnadsramme på kr 1.000.000.

Rådmannen rapporterer til formannskapet om framdrift i prosjektet.

Finansiering

Investeringsbudsjett 2010

Heimel

Reglement for kommunestyret § 1

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Jan Otto Daae, Ap, refererte til årsmøte i idrettsrådet var det sagt at bassenget skulle vera ferdig til oktober. Ap ber om at ein prøver på at framdriftsplanen vert fylgd slik at bassenget kan takast i bruk så snart som mogeleg.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	12.01.2010	symjegruppa v/Arthur Sjursen Idrettslaget Bjørn West	Matre symjebasseng - ber om prioritering av å få symjebassenget i drift att
3	U	25.01.2010	symjegruppa v/Arthur Sjursen Idrettslaget Bjørn West	Matre symjebasseng - ber om prioritering av å få symjebassenget i drift att
4	I	18.03.2010	symjegruppa v/Arthur Sjursen Idrettslaget Bjørn West	Gjeld symjebasseng Matre - ber om oversending av framdriftsplan for når bassenget skal vera i drift
5	I	14.04.2010	Matre skule v/rektor	Vedr Matre symjebasseng
6	I	15.04.2010	Westcold Services AS	Symjebasseng Matre - Berekningsopplegg
7	I	22.04.2010	Westcold Services AS	Vedr utstyr - Avfukting/varmegjenvinning svømmehall

Utskrift vert sendt:
her driftsavdelinga

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det vart bygd tak over Matre symjebasseng på slutten av 1990-talet. Prosjektet vart dels finansiert vha tippemidlar. Ved bruk av slike midlar til finansiering er ein av føresetnadane at anlegget er i drift i 40 år.

FAKTA

Symjebassenget vart stengt før jul 2009 pga av for stor luftfuktighet i bygget. Tilsynsrapport frå eksternt firma konkluderte med:

Avfuktingsaggregatet er i en tilstand og alder som tilsier at det er modent for utskifting.

Det er ikkje fagkompetanse i Masfjorden kommune til å vurdere dei avfuktingsaggregata som er på marknaden i dag knytt opp til vårt behov i symjehallen på Matre.

Teknisk rom i kjellaren ligg delvis under havnivå noko som fører til at det kjem inn sjøvattn ved stor flo og / eller sterk vind.

VURDERING

Avfukting er eit viktig fagområde å prosjektere rett når det gjeld levetida i eit symjehallbygg. Rådmannen veit at dette fagområde er det ikkje kompetanse på i organisasjonen. Denne kompetansen må difor kommunen kjøpe.

Det er og behov for eit nytt bygg / tilbygg over bakkenivå til å huse dei tekniske anlegga. Dette bygget er det kompetanse innad i organisasjonen til både å prosjektere og å utføre sjølv.

Det er sett i gang arbeid med å utarbeide energiplan for kommunen. Rådmannen trur at eit av tiltaka i denne energiplanen vert å fokusere på energibruk i eigne bygg; til dømes skulane. Ein vil nok og vurdere bruk av fjernvarme når det gjeld oppvarming. Det er difor viktig at det som vert bygd no i samband med symjebassenget tek høgde for framtidige tiltak, slik at det vert enkelt å kople energibruken i bassenget mot energibruken på skulen.

Rådmannen meiner at ein har forplikta seg til å halde drift i bassenget på Matre. Bassenget er og i flittig bruk både av kommunale og private brukarar. Det er difor viktig å sette i gang oppgradering av avfuktingsaggregatet no med å kjøpe dei tenestene kommune ikkje har kompetanse på sjølve.

Rådmannen meiner at heile prosjektet må delast i fleire underprosjekt - delt i første omgang på det kommunen har kompetanse på å gjere sjølv og det ein må kjøpe. Etter konkrete førespurnader ser det ut til at sjølve avfuktingsaggregatet m/montering vil koste under 500.000 slik at ein treng sannsynlegvis ikkje utvida anbodrunde. Prosjektering + kontroll av både projektering og utføring vil sannsynlegvis koste rundt 100.000. Nytt bygg for teknisk anlegg + basisfaga blekkslagar og elektrisk vil samla kome mellom 2 - 400.000 avhenging av kor mykje av dagens kanalar ein kan nytte og kor mykje av arbeidet som kan gjerast av fagarbeidarar i kommunen.

Rådmannen tek atterhald om at arbeidet kan avdekke ytterlegare investeringsbehov. Rådmannen ser at det er først når ein har prosjektert anlegget at ein kan kostnadsrekne for å få samanliknbare anbod for dei ulike tiltaka. Det hastar med å starte oppgraderinga; målet må vere at oppgradering vert gjort i haust og står ferdig til nyttår.

Rådmannen vil difor be om fullmakt – innfor ein gitt kronesum – til å køyre prosjektet utan konkrete økonomiske løyvingar, men med rapportering på prosjektet i kvart politisk møte.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune må engasjerer fagkunnige til å prosjektere utskifting / oppgradering av avfuktingsanlegget i Matre symjebasseng. Prosjektet vert så kostnadsrekna og sett i verk innafor ei netto kostnadsramme på kr 1.000.000.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker			Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	20.04.2010	022/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	29.04.2010	022/10	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	29.04.2010	030/10	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	19.05.2010	035/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	27.05.2010	040/10	Anne Kristin Rafoss

Sak - Endring av reguleringsplan Librotet hyttefelt - eigengodkjenning

Arkiv: N-504, N-TML

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av reguleringsplan for Librotet hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre

Finansiering
gebyrregulativet

Heimel
Plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:
Høyringspartane

FUP-022/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vart utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 20.04.2010:

Ordførar gjorde framlegg om å utsette saka til eit ekstra planutvalsmøte før kommunestyret den 29.04.2010

Framlegg frå ordførar vart samrøystes vedteke.

FUP-030/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Det vert halde synfaring og saka vert utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 29.04.2010:

Ordførar orienterte og sette fram framlegg om at saka skulle utsettast i påvente av ei synfaring.

Framlegg til ordførar vart samrøystes vedteke.

KS-022/10 VEDTAK:

Det vert halde synfaring og saka vert utsett.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Saka vart utsett i planutvalet og trekt av saklista til kommunestyret.

FUP-022/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vart utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 20.04.2010:

Ordførar gjorde framlegg om å utsette saka til eit ekstra planutvalsmøte før kommunestyret den 29.04.2010

Framlegg frå ordførar vart samrøystes vedteke.

FUP-030/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Det vert halde synfaring og saka vert utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 29.04.2010:

Ordførar orienterte og sette fram framlegg om at saka skulle utsettast i påvente av ei synfaring.

Framlegg til ordførar vart samrøystes vedteke.

KS-022/10 VEDTAK:

Det vert halde synfaring og saka vert utsett.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Saka vart utsett i planutvalet og trekt av saklista til kommunestyret.

FUP-035/10 VEDTAK / TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

**I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av
reguleringsplan for Librotet hyttefelt med plankart og –føresegner
vedteken slik han ligg føre**

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 19.05.2010:

Planutvalet var på synfaring i området for Librotet hyttefelt 18.05.2010.
Rådmannen delte ut justert reguleringsplankart i møtet.

Ordførar orienterte kort om saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-040/10 VEDTAK:

**I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av reguleringsplan for
Librotet hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre**

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	U	18.02.2010	33 mottakere...	Melding om politisk vedtak - endring av reguleringsplan Librotet - planforslag sendast på høyring
4	I	19.02.2010	Mattilsynet	Endring av reguleringsplan Librotet - Uttale
5	I	24.02.2010	NGIR	Uttale til reguleringsplan Librotet
6	I	10.03.2010	Hordaland fylkeskommune	Librotet hyttefelt - endring av reguleringsplan - uttale
7	I	11.03.2010	Kystverket Vest	Uttale til endring av Librotet hyttefelt
8	I	18.03.2010	Dagfinn Nyland	Uttale til endring av reguleringsplan for Librotet
10	I	30.03.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til endring av reguleringsplan Librotet hyttefelt Stordalen
9	I	31.03.2010	Solveig B. Vasstveit og Rune M Vasstveit	Innspill til reguleringsplan Librotet
11	I	13.04.2010	Ing. Bjørnar Vik	Uttale til reguleringsplan Librotet hyttefelt
13	U	30.04.2010	Bjørnar Leif Vik	Melding om politisk vedtak - reguleringsplan Librotet hyttefelt - mindre endring - saka er utsett

BAKGRUNN

Det er søkt om endring av reguleringsplanen for Librotet hyttefelt grunna i:

- det er ein del avvik i grenselinjer i forhold til reguleringsplankartet som har oppstått etter kartforretning og innmåling av tomtegrenser
- tilkomstvegen er endra i forhold til reguleringsplankartet
- tomt 17 og 18 er flytta til ny stad
- vatn- og avløpsplan for hyttefeltet er godkjent i ettertid av planprosessen og det er ønsker om å ajourføre plankartet med 2 områder for tekniske anlegg.

HØYRING

Reguleringsplanen vart sendt på høyring den 17.02.2010 med høyringsfrist 06.04.2010. Det har kome 7 uttaler til høyringframlegget.

UTTALE

Mattilsynet:

Mattilsynet viser til drikkevannsforskrifta og peiker på at det er eit krav at det vert søkt om godkjenning av vassforsyningssystem når det forsyner minst 20 hytter. Mattilsynet skriv vidare at godkjenning er ein omfattande og gebyrbelagt prosess og søker må starte søknadsprosessen før vassforsyninga vert etablert. Det er det lokale Mattilsynet som gjev godkjenning av vassforsyningssystem etter uttale frå kommunen (vanlegvis kommunelege 1 ut frå omsynet til miljøretta helsevern og teknisk avdeling når det gjeld arealdisponering).

Kommentar frå planleggar:

Utbyggar er merksam på dette, vassforsyninga er planlagt etter samtalar med Mattilsynet. Forsyninga er planlagt felles for Kleivetoppen og Librotet, med vatn frå 2 borehol, pumpestasjon, samletank 30 m³ og UV-reinseanlegg. Formell søknad er undervegs til Mattilsynet. Merknaden frå Mattilsynet er å betrakte som ein merknad til gjennomføringa av utbyggina, og er ikkje problematisk i høve til godkjenninga av reguleringsplanen.

Rådmannen har merka seg uttalen frå Mattilsynet og er glad for at planleggar har dialog med Mattilsynet i etableringa av vassforsyninga for Kleivetoppen og Librotet hyttefelt. Rådmannen ser at Mattilsynet ikkje har kome med merknader til planframlegger, eller rådd til endringar i føresegnene som kan sikre framdrift i godkjenning av vassforsyningssystema. Rådmannen ønskjer å sikre framdrifta i godkjenningsprosessen med å sette krav til at dette skal vere på plass før det vert gjeve ferdigattest på hyttene i felta.

NGIR:

NGIR skriv at det i område med konsentrert utbygging av fritidsbustader, bør vurderast å sette av stad til utplassering av hyttekonteinar. Dei skriv vidare at det er viktig at tilkomstvegen har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk slik at renovasjonsbilane kan nytte vegen. Det bør og settast av plass til at renovasjonsbilen kan snu ved konteinaren.

Kommentar frå planleggar:

Uttalen går på generette reglar for levering av avfall. I vårt tilfelle vil container bli plassert nede i kryss fylkesveg, der det allereie er etablert oppstilling for container.

Rådmannen meiner at dei punkta som NGIR peiker på, vart det tatt omsyn til når planen vart utarbeidd første gong. Denne endringa som ligg i reguleringsplanframlegget, påvirker ikkje avkøyringa frå fylkesvegen og plassering av hyttekonteinar.

Hordaland fylkeskommune:

Hordaland fylkeskommune skriv at dei ikkje kan sjå at vesentlege regionale interesser vert råka av reguleringsendringa.

Kystverket Vest

Kystverket har ingen merknader til reguleringsendringa.

Dagfinn Nyland

Dagfinn Nyland finn den endra plassering av tomt 17 og 18 svært uheldig for sin eigedom då begge hyttene vil verte liggande på eit høgdedrag over deira eigedom. Ei plassering søraust og sør for deira eigedom vil ta sola får frå ein opparbeidd uteplass store deler av dagen og ei slik plassering vil verke sjenerande med tanke på innsyn på omtalt uteplass. Nyland gjer vidare merksam på at dei ikkje var tilstades under innmåling av framlegg til nye hyttetomter og vonar rådmannen rår frå plassering av tomtene 17 og 18 slik høyringsframlegget viser.

Rune M. Vasstveit / Solveig B. Vasstveit

Rune M. Vasstveit og Solveig B. Vasstveit skriv at dei har kontrakt på hyttetomt 17 og ser at denne avvik plasseringsmessig og storleiksmessig frå det dei fekk forklart på visning. Tomt 17 er på reguleringsplankartet målt til 411 m² noko som i følge brevskriva gjer at dei ikkje kan bygge større hytte enn 80 m². Dei ønskjer at tomta vert minimum 500 m². Når det gjeld plassering ønskjer dei tomta flytta ca 40-50 meter mot sør. Dette er grunna blant anna med at dette vil gje flatare tomt og best mogleg sol og utsiktsforhold. Det vil å gjere det lettare å etablere avlaup.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen har inga kommentar til ny lokalisering av vegen eller til plassering av område for tekniske anlegg, men er kritisk til ny lokalisering av tomt 17 og 18. Desse tomtene vil, etter fylkesmannen si meining, verte lagd på eit høgdedrag og vil ligge eksponert til i eit ope terreng og vil ikkje vere i tråd med landskapsomsynet som er nedfelt i kommuneplanen. Fylkesmannen avsluttar med at tomtene bør trekkast ned i terrenget slik at dei ligg mindre eksponert og at tomt 17 bør lokaliserast tettare opp mot eksisterande hytter.

Merknader frå planleggar:

Fylkesmannen har merknader til plassering av tomtane 17 og 18, og rår frå at desse blir lokalisert som vist på kart. Etter vår meining er desse tomtane fint terrengtilpassa. Dei er trekt med på kvar side av kollen, i staden for å plassere dei på høgast kollen. Vi vil tru at om kartet hadde hatt 1 m koter, ville dette vore tydeleg for den som les kartet, Slik hyttene er tenkt plassert, vil dette taket komme over nivået for toppen av kollen.

Vi kan likevel vere med på å flytte tomt 17 om lag 30 m lenger mot sør, der hytta vil ligge inne på ei flate. På vedlagte skisse er ny lokalisering vist. Ny plassering vil vere i samsvar med ynksje får Dagfinn Nyland og kjøparen Vasstveit.

Når det gjeld tomt 18, ser vi ikkje grunn til å flytte denne.

Rådmannen merkar seg at fylkesmannen rår frå lokalisering av tomt 17 og 18 slik høyringsframlegget viser. Planleggar og kjøpar har kome med framlegg til ny plassering av tomt 17 som vil føre til at hytta vert liggande endå lengre vekke frå dei andre hyttene enn det framlegget viser. Dette er uheldig sidan fylkesmannen rår til at hytta vert plassert nærare dei andre hyttene enn slik framlegget viser. Rådmannen kan ikkje tilrå denne flyttinga utan å ha vore på synfaring.


VURDERING

Rådmannen er opptatt av at hyttefeltet får eit godkjent vassforsyningssystem og vil bidra til å sikre framdrifta i godkjeningsprosessen med å legge til eit punkt i føresegnene som krev at vassforsyningssystemet er godkjent før hyttene kan få ferdigattest.

Når det gjeld plassering av hytte nr 17 og 18 meiner rådmannen at den best optimale plasseringa vil ein kome fram til under ei synfaring der alle partar inkludert planutvalet er tilstades. Då må plansaka utsettast og synfaringa gjennomførast når snøen er borte.

Alternativt kan ein godkjenne planen i møtet men då med plassering av hyttetomtene 17 og 18 slik dei er i gjeldande plan.

I skissa er tomtene i høyringsframlegget vist med svart farge.



Rådmannen kan ikkje rå til ei flytting av hyttetomt 17 utan først å ha vore på synfaring og høyrte naboane” i Librotet.

Rådmannen viser til kommentarane over og foreslår følgjande endring i plankart og føresegner:

Det er lagt til nytt strekpunkt under paragraf 3. BYGGEOMRÅDE FOR HYTTTER.

- Før det vert gjeve ferdigattest på hyttene, skal det ligge føre godkjenning frå Mattilsynet på vassforsyningssystemet.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at plansaka vert utsett og at planutvalet gjennomfører ei synfaring seinare i vår for å kome fram til best mogeleg plassering av hyttetomtene 17 og 18 . Ønsker planutvalet å avgjere plansaka i dette møte, rår rådmannen til at endring av reguleringsplan for Librotet hyttefelt med plankart og –føresegner vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	27.05.2010	041/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/387
-----------	---------------------

Delegerte vedtak

DRÅD. 019/10: Delegert vedtak: Anbud på Klima- og energiplan for Masfjorden kommune
Masfjorden kommune finn etter ei heilskapsvurdering at tilbodet frå SFE Rådgjeving er det som best høver for vår kommune.

SFE Rådgjeving vert difor valt til å utarbeida klima- og energiplan for Masfjorden kommune.

Grunngjeving:

SFE Rådgjeving er konkurransedyktig på pris og fagkompetanse, har referansar frå samanliknbare kommunar og har alt utarbeidd energiutgreiing for Masfjorden på oppdrag frå BKK.

Finansiering

Heimel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-041/10 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	27.05.2010	042/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/388
-----------	---------------------

SAK - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	10/2294	I	29.04.2010	Klima- og forurensningsdirektor atet	Oversending av løyve til virksomheit etter foreiningslova

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-042/10 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 27.05.2010:

Det var 16 representantar tilstades under handsaming av denne saka.

Tilleggsskriv utdelt i møtet:

Til skriv 2) Festeavgift for grav.

Det vart delt ut orienteringsskriv frå kyrkjevevje Svein Kvamsdal om festeavgift for graver som var etterspurd av kommunestyre i førre møte.

Laila S. Reknes sa at ho ikkje finn svar på Ap sitt spørsmål frå kommunestyret den 290410 i orienteringa som er lagt fram.

Spørsmålet var:

Når nokon har tatt seg ut grav, vil dei då få 30 års fri grav?

Ordfører sa at ein skulle undersøkje dette og senda ut svar i samband med møteboka.

Nytt skriv 3) Referat frå møte i arbeidsgruppa for bru over Masfjorden 21. mai 2010.

Ordfører orienterte frå møtet.

Vigdis Søvik, Sp, ber om at formannskapet vert orientert om framdrift i saka til formannskaps møtet den 8. juni.

Nytt skriv 4) Overordna økonomistyring i kommunane – fagdag arrangert av Nordhordland Revisjon den 11. juni 2010 på Alver hotell.

Ordfører sa at dei som hadde høve å stilla på dette kunne melda seg på til Gerd Allis.

Nytt skriv 5) Tannhelsetenester i Hordaland 2010 – 2013 – fylkesdelplan.

Skrivet er berre kome i eitt eksemplar men kan lesast på Hordaland fylkeskommune si si nettside.

Nytt skriv 6) Rekneskap 2009 for Masfjorden kyrkjelege fellesråd.

Munnlege orienteringar:**Arbeid med revisjon av kommuneplanen**

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte:

- Det er jobba aktivt med samfunnsdelen – klar i september
- Arealdelen – skal vera ferdig i september.
Det blir sett av heile veker der det skal berre jobbast med arealdelen.
- Det er no sett fokus på strandsona. Det har nett vore synfaring.

Det er vanskeleg å få eksterne folk inn til å bistå med kommuneplanarbeidet då alle kommunar no jobbar med sine kommuneplanar.

Det vil bli lagt fram ein justert framdriftsplan.

Orientering frå ordførar:

- Ordførar sa at ein no er i innspurten med å tilsetja ny dagleg leiar i regionrådet.
- Kommunestyret er invitert til å halda neste møte i det nye garderobebygget til Masfjorden fotballag på Hosteland.

Skriv og meldingar vart samrøystes vedteke.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyremøte den 27. mai 2010
vert vitna:**

Håkon Matre
Ordførar

Lars Solheim
Kommunestyremedlem

Marianne Ulvatn
Kommunestyremedlem